



KVINNHERAD
KOMMUNE



LANDBRUKSPLAN FOR KVINNHERAD

2020 – 2025

Vedteken i Kvinnherad kommunestyre 18. juni 2020



Innhald

2. Forord	4
3. Planprogram for Landbruksplan i Kvinnherad	6
4. Fakta og trekk ved landbruket i Kvinnherad	10
4.1 Naturtilhøve	10
4.2 Utviklingstrekk	10
4.3 Rettleing og utdanning	12
4.4 Veterinærtenesta i Kvinnherad	12
5. Jordbruk	14
5.1 Mjølkeproduksjon	14
5.2 Kjøttproduksjon	15
5.3 Verdi av mjølke- og kjøttproduksjonen	16
5.4 Økologisk landbruk	18
5.5 Frukt-, bær- og drivhusproduksjon, samt birøkt.	20
5.6 Produksjonstilskot og andre tilskotsordningar i landbruket	21
5.6.1 Produksjonstilskot og tilskot til avløyising	21
5.6.2 Regionalt miljøprogram for Vestland (RMP)	23
5.6.3 Tilskot til organisert beitebruk	24
5.6.4 SMIL (Særskilte miljøtiltak i jordbruket)	24
5.6.5 Andre tilskotsordningar	25
5.6.6 Kommunale tilskotsordningar	25
5.7 Prosjekt - eksisterande og framtidige	26
5.8 Samfunnskontakt	29
5.9 Utnytting av jordressursar	29
5.9.1 Nydyrking og bruk av jordmassar	29
5.9.2 Beite - attgroing	30
6. Skogbruk	30
6.1 Nøkkeltall for skogarealet	30
6.2 Avverking og planting	32
6.3 Hovudplan for skogsveg	34
7. Nye næringar/tilleggsnæringar	37
7.1 Andre tilleggsnæringar	37
8. Viltforvaltning	42
9. Ringverknadar av landbruksnæringa i Kvinnherad	44
10. Matvaretryggleik i framtida	44

11.	Produksjonsgrunnlag/jordvern	46
11.1	Prioriterte innsatsområder og tiltak.....	46
11.2	Produksjonsgrunnlaget	47
11.3	Delings- og dispensasjonssaker	47
11.5	Oppfølging av driveplikt.....	48
11.6	Nydyrking	48
11.7	Matproduksjon - prioriterte innsatsområde og tiltak.....	49
11.8	Utvikla og forbedra drift av jordbruksareala	49
11.9	Klimasmart Landbruk	50
12.	Retningslinjer for Kvinnherad kommune.....	51
12.1	Politiske føringar	51
13.	Folkehelse.....	52
14.	Lover og føresegner som gjeld for landbruket	55
14.1	Lov om jord (Jordlova)	55
14.2	Lov om skogbruk - Skoglova:	56
14.3	Lov om forpaktning frå 1965	56
14.4	Jordskiftelova	56
14.5	Plan- og bygningslova	57
15.	Framtidslandbruket 2050.....	57
16.	Handlingsdel.....	60
17.	Statistikk.....	69
17.2	Figur 1 Produksjonsgrunnlag Kvinnherad 1998-2018	69
17.2	Figur 2 Produksjonstal Kvinnherad 2017 – 2018.....	70
17.3	Nasjonale tal for 2018:	71
18	Vedlegg	74
18.1	Føringar og verkemiddel.....	74
18.2	Verneområder i Kvinnherad	75
18.3	Lag og organisasjonar knytt til landbruket.....	80

Framsidedfoto: frå Omvikdalen, av Torstein Lund Eik

2. Forord

Landbruket i Kvinnherad og framtida.

Landbruket i Kvinnherad har spelt ei stor rolle i samfunnsutviklinga, og bidrege til ein stor del av den totale sysselsettinga i kommunen. Landbruket har vore utvikla gjennom generasjonar, og er derfor ein viktig del av identiteten i lokalsamfunna og kommunen.

Kvinnherad kommune har over tid vore ein pådrivar for å stimulera og bidra med å løfta landbruket som ein av dei viktige næringsvegane i vår kommune.

Landbruket har følgd opp med modernisering av bygg og god pleie av landbruksarealet, samtidig som ein har teke i bruk ny teknologi for å løyse desse store oppgåvene.

Dette vitnar om ei framtidsvon, som er heilt i tråd med nasjonale og internasjonale målsetnader.

Stortinget legg til grunn følgjande overordna målsetnad for landbruket:

- *Mattryggleik*
- *Landbruk over heile landet*

- *Auka verdiskaping*
- *Bærekraftig landbruk med lavere utslipp av klimagasser*

Landbruksplanen du no les, tek opp i seg alle desse nemnde punkta. Kvinnherad er soleis i takt med, og langt framme i å bidra for ei positiv utvikling av landbruket.

Det er for tida svært mange unge som overtek gardar i Kvinnherad. Det viser att i god drift, offensiv satsing, dei er flinke til å nytta moderne teknologi og kunnskap, og dei gjev eit positivt bilete av næringa. Det vert skapt nye næringar og mange er dyktige til å nytta andre ressursar som til dømes den flotte naturen vi har rundt oss.

Vi lever i eit godt og stabilt land og vi lever i eit område der folk hjelper kvarandre. Dersom vi fortset med å dra i lag og ikkje minst arbeider for å gje eit positivt inntrykk av landbruket i Kvinnherad, så har vi skapt eit svært så viktig grunnlag for trivsel, produksjon, fleire nye næringar, fortsatt vekst og ikkje minst ei næring som er attraktiv for komande generasjonar.

Hans Inge Myrvold

Ordførar



Sauer i solnedgang i Uskedalen

Foto: Forrest Woodward

3. Planprogram for Landbruksplan i Kvinnherad

Eit planprogram kjem før sjølve planen og skal utarbeidast for alle kommuneplanar, jamfør pbl. § 4-1. Planprogrammet skal skildra føremålet med planen, planprosessen, inkludert medverknadsprosessen, fristar, alternativ og utgreiingsbehov. Under er planprogrammet for rullering av landbruksplanen skildra. Gjeldande landbruksplan vart vedteken i 2004.

Bakgrunn

Landbruk er ein vesentleg næring i Kvinnherad med omsyn til arbeidsplassar og i omsetnad. I tillegg skapar landbruket store ringverknader i form av kjøp av varer og tenester og at mange av næringsutøvarane driv anna næring med basis i landbrukseigedomene dei driv.

I år 2004 vart " Landbruksplan for Kvinnherad kommune" utarbeidd. Planen delte inn landbruksarealet, LNF arealet i kommunedelplanen, i tre kategoriar; særskilt viktig landbruksareal, viktig landbruksareal og mindre viktig landbruksareal.

I tillegg vart det utarbeidd oversikt over landbruksproduksjonen i kommunen og trekt opp liner framover for næringa.

Landbruksplanen frå 2004 hadde slike mål:

- Oversyn over kva landbruket i Kvinnherad er
- Gje innspel til kommunen sine planar for arealbruk og næringsutvikling

Oversiktsplan for skogbruket vart òg arbeidd inn i planen.

Planen har fungert som styringsverktøy for areal- og tilskotsforvaltning i kommunen dei siste åra.

Planen vart ikkje utarbeidd som ein kommunedelplan (temaplan) etter reglane i plan- og bygningslova (pbl.).

Planprogram for revidering av landbruksplan vart send på høyring i februar 2017. Det kom innspel frå Fylkesmannen i Hordaland. Dei trekte fram det positive ved at vi ville utarbeide planen som en formell kommunedelplan. Dei kom med innspel til særlege problemstillingar som vi har teke med i denne revisjonen.

I planstrategien for Kvinnherad, vedteke i kommunestyret den 26.05.2016 finn ein følgjande:

«Gjeldande plan er moden for oppdatering, særleg statistikkdelen. Grunna aukande aktivitet innan næringa er det også trong for å kartleggja mogleg dyrkingsareal. Fylkesmannen etterlyser ferdigstilling av kartlegginga av kjerneareal i landbruket. Dette kan gjerast i samband med det ordinære kommuneplanarbeidet.»

Vidare står det om strategi og planbehov følgjande:

Strategi

Kommunen må leggja til rette slik at vi kan oppretthalda landbruksproduksjonen, noko som òg vil sikra kulturlandskapet.

Planbehov

- Ny Stortingsmelding 2016: " Endring og Utvikling; en framtidretta jordbruksproduksjon" gjer føringar
- Kjernekartlegging av landbruksareal
- Landbruket blir ein vesentleg del ved revisjon av arealdel og samfunnsdel i kommuneplan
- Planstrategien føreset og at temaplaner blir utarbeidd som kommunedelplanar etter reglane i plan- og bygningslova

Føremål

Planen skal vere eit styringsdokument for saker som gjeld landbruket. Landbruket er ein arealkrevjande og stadbunden næring og treng føreseielege rammer. Vidare ynskjer ein å synleggjera kva landbruket som næring betyr for Kvinnherad som samfunn. Landbruket blir også ein viktig del i samfunnsdelen til kommuneplanen.

I forordet til landbruksdepartementet sin rettleiar for arbeidet med landbruksplan, står mellom anna:

”Kommuneplanlegging er den viktigaste arena for planlegging, både når det gjelder å sikre produksjonsgrunnlaget og for å skaffe forståing for landbrukets betydning og rolle i lokalsamfunnet. Landbruket kan ikkje fungere utan produksjonsareala. Både av omsyn til den nasjonale matvareberedskapen og ut frå global fordelingspolitikk, er det nødvendig å ta vare på landbrukets arealressursar gjennom et restriktivt jordvern”.

Mål

Prosessplanen skal vera styrande for arbeidet med landbruksplanen og liggja til grunn for det vidare arbeidet med planen. Hovudmål med ny landbruksplan er frå kommunen si side:

- Landbruksplanen skal visa korleis nasjonale mål og retningslinjer for landbruket kan tilpassast tilhøva i Kvinnherad.
- Planen skal synleggjera og setja mål for landbruket og tilknytte næringar
- Utforma strategiar for anna bruk av landbruksareala, som t.d. jakt, turgåing, reiseliv mm
- Kartdelen skal visa kjerneområder for landbruk, gradert i samsvar med rettleiaren
- Statistikkdelen i planen frå 2004 skal ajourførast
- Hovudplan for skogsveggar i Kvinnherad blir arbeidd inn som ein del av planen
- Landbruksplanen skal vera med å styrkje landbruket som næring i kommunen gjennom å:

- Synleggjere ressursgrunnlaget mellom anna utarbeiding av kjerneområde for jordbruk
- Leggje til rette for rekruttering
- Behalda dei som har sitt virke i næringa
- Synleggjera dei viktige kulturlandskapa i kommunen og kva dei betyr
- Synleggjera trongen for god infrastruktur innan kommunen og ut frå kommunen

Innhald i landbruksplanen

Gjeldande? landbruksplanen for Kvinnherad inneheld mål, strategiar og ein handlingsplan. Rullering av planen vil sjå på utviklinga sidan førre plan, utarbeide nye mål, klarleggje utfordringar for landbruket og utarbeide nye tiltak og satsingsområder.

Sentrale punkt vil vere:

- Forvaltning av ressursane, mellom anna jordvern og bruk av arealressursane
- Matvaresikkerhet i framtida
- Utmarksnæring som del av landbruket
- Kjerneområder for jordbruket i kommunen
- Nydyrking
- Potensielle areal til massedeponi. Entreprenørar og grunneigarar blir involvert i kartleggingsprosessen
- Produksjons- og bruksstruktur
- Tradisjonelle produksjonar
- Potensiale på mindre bruk
- Nye næringar/tilleggsnæringar med særskild fokus på reiseliv og kulturbaserte og naturbaserte næringar
- Skog/Beite/Attgroing
- Utmarksnæring som del av landbruket
- Miljø-utfordringar
- Rettleiingsapparatet
- Den offentlege landbruksforvaltninga
- Lovverket knytt til landbruk, som jordlov, konsesjonslov mm
- Klimasmart landbruk og klimautfordringar generelt
- Folkehelse

- Framtidslandbruket: Korleis vil næringa sjå ut i 2045? Ulike scenario for strukturendringar i tradisjonelle produksjonar
- Ringverknader av landbruksnæringa
- Samarbeid med forvaltings- og tiltaksarbeid i regionen som t.d. Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Visit Sunnhordland og Visit Hardangerfjord
- Potensialet for utvikling i tilknytning til Folgefonna Nasjonalpark og andre særskilde område
- Handlingsdel for bruk av økonomiske verkemidlar knytt mot landbruk, som SMIL (Spesielle miljømidlar i landbruket), NMSK midlar (nærings- og miljømidlar i skogbruket) og eventuelle kommunale midlar, blir rullert årleg.

Medverknad

Arbeidet med landbruksplan vil starta med ein serie møter og dialog med representantar for landbruksnæringa i ulike deler av kommunen. Næringsutøvarar, faglag og interesseorganisasjonar blir tekne med. I tillegg vil Grønt Forum bli nytta som referansegruppe. Grønt forum er eit nettverk for landbruksnæringa i Kvinnherad, alle lag og organisasjonar med knytning til landbruket er invitert med i forumet.

Planarbeidet vil følgje reglane i plan- og bygningslova og vil bli lagd ut til offentleg

ettersyn jamfør § 11-14 i plan og bygningsloven.

Planstatus

Planen blir utarbeidd som ein tematisk kommunedelplan etter reglane i Plan og bygningslova § 11-1.

Organisering:

Styringsgruppe: *Formannskapet*

Prosjekt eigar: *Kommunedirektøren*

Prosjektleder: *Karin Thauland*

Prosjektgruppe: *Tore Eik, Vivik Rimestad, Francesca Galdiolo og Leiv Trygve Varanes (frå juni 2019 erstatta Karen Løvfall Våge Vivik Rimestad)*

Referansegruppe:

Grønt forum – Kvinnherad

Kommentar: I planprogrammet er eit av punkta kartlegging av kjerneområder. Føremålet med kartlegginga er å fokusere på vern av dyrka jord og kulturlandskap. Kommunen tek vare på desse verdiane i arealdelen av kommuneplan, mellom anna som omsynssoner. Dette blir det særskild fokusert på nær tettstadene. I utkast til planen som ligg føre, er derfor ikkje kjerneområda kartlagde.

EN KLUMP JORD

**EN KLUMP JORD
ER EN
HELLIGDOM
PÅ LIKE FOT MED
STONEHENGE**

AV HARALD SVERDRUP



4. Fakta og trekk ved landbruket i Kvinnherad

4.1 Naturtilhøve.

Kvinnherad er den 5. størst av kommunane i Vestland fylke når det gjeld verdiskaping (Nibio, 174/2018).

Busetnad og landbruksdrift er knytt sterkt saman i Kvinnherad. På det lengste er kommunen over 70 km og på det breiaste 35 km. Samla landareal er på 1137 km², og kommunen har ei strandline langs sjø på 407 km. I mange av bygdene er landbruket heilt avgjerande for busetnaden.

I Kvinnherad varierer den marine grensa frå kring 70 moh. ytst i kommunen til kring 90 moh. i dei indre delane av kommunen. Dei nordre delane av kommunen er prega av høge og bratte fjell. Landskapet er gjennomskore av lange, djupe dalar som gjev rom for jordbruk og busetnad. Dei sørlege delane er den rake motsetnaden med det meste av arealet under 300 moh.. Jordsmonnet i dalane er mykje morenejord som saman med organisk materiale gjev godt grunnlag for planteproduksjon. Dei finaste massane vart ført lengst ut og vi finn dei att som jordbruksareal på Halsnøy og Ølve. Kvinnherad har eit typisk kystklima med milde vintrar og mykje nedbør. Det er store variasjonar i nedbøren gjennom året. Oktober er stort sett den mest nedbørrike, medan mai er den tørraste.

Norges geologiske undersøkingar (NGU) har registrert økonomiske drivverdige sandførekomstar og masseuttak på strekninga Mauranger til Sandvoll og i Åkra. Fleire stader har det vore uttak i mange år. På mange av gardane er det avsett felles område for uttak av sand. Kvinnherad er ein kommune med

store avstandar. Med utgangspunkt i Rosendal som administrasjonsentrum kan t.d. ein tur til Borgundøy utgjera ca. fire timar t/r berre i reisetid, inkludert ferje. Skal ein til Åkra, må ein over ein fjellovergang. Alt dette gjer at ein må rekna mykje reisetid om ein skal ut på oppdrag til mange av bygdene i Kvinnherad.

4.2 Utviklingstrekk

Landbruket i Kvinnherad er, som i resten av landet, i endring. Talet på driftseiningar med aktiv drift har dei seinare åra stabilisert seg. Det er i Kvinnherad dei seinare åra etablert nokre større gardar, men samstundes nokre mindre gardar. Næringa rustar seg for å bli ei framtidretta næring.



Samla areal i drift har elles vore stabilt då driftseiningane blir større. Mjølkeproduksjon på ku og geit, kjøttproduksjon på storfe- og sauehald er viktige produksjonar i landbruket i Kvinnherad. Tal mjølkekyr har auka og tal vinterfora sau har gått litt ned. Mykje av drifta er basert på leigd jord. Inntil for få år sida har det vore bruk med smågrisproduksjon i kommunen og fleire eggprodusentar. Det var også tidlegare potetproduksjon og meir produksjon av frukt, bær og grønsaker. Dei seinare åra har birøkt og fruktproduksjon teke seg opp.

Avverking i skogen har auka dei seinare åra. Dette skuldast at dei store plantingane på 1950-talet no er hogstmodne og at tømmerprisane har vore gode.

Tilleggsnæringar til landbruket har teke seg opp. Entreprenørverksemder og reiseliv utgjer ein vesentleg del av inntektsgrunnlaget for mange bønder.

Nøkkeltall	Enhet	Kvinnherad			
		2015	2016	2017	2018
Landbrukseiendommer (antall)	antall	1 035	1 045	1 045	1 045
Jordbruksbedrifter (antall)	antall	246	242	235	232
Jordbruksareal i drift (dekar)	dekar	39 397	39 831	40 504	40 418
Produktivt skogareal (dekar)	dekar	253 184	249 942	249 942	233 663

Figur 1 – Nøkkeltal for Kvinnherad




Figur 2 -


T.v.: Viser sysselsette i utvalte næringer. I 2018 var det 389 personar som arbeidde med jord/skog/fiske i Kvinnherad av i alt 5620 sysselsette.

T.h.: Viser utvikling av sysselsette i utvalte næringer i Kvinnherad. Kjelde: SSB, 2019. Kommuneprofilen, 2019.

Kjelde: www.statistikknett.no



Figur 3 –over - Oversikt over jordbruksbedrifter i Hordaland i perioden 1969 til 2018. Kjelde: SSB, 2018.



Figur 4 - Grafen viser den nasjonale trenden med meir og meir leigejord. Kjelde: SSB, 2019.

4.3 Rettleiing og utdanning

Kvinnherad kommune har i sektor Kultur næring og utvikling (KNU) i 2019:

5 stillingar som arbeidar med landbruk: 1 næringsrådgjevar, 1 landbruksrådgjevar, 1 rådgjevar- skog/utmark, 1 viltforvaltar og 1 landbrukskonsulent.

Norsk landbruksrådgiving (NLR) har kontor med fleire tilsette i Rosendal og Ølve som utviklar, samordnar og leverer heilskapleg, kunnskapsbasert rådgjeving tilpassa behov i landbruket.

Landbrukstenester Folgefonna har kontor i Rosendal, som skaffar kvalifisert arbeidskraft til landbruket. Dette gjeld både til avløyning ved ferie/fritid og sjukdom.

Norske landbrukstenester (NLT) har hovudkontor i Rosendal og er ein medlemsorganisasjon for avløyarlaga og landbrukstenestene i Noreg. NLT si hovudoppgåve er å arbeida for at medlemslaga skal kunne tilby bøndene tenester av høg kvalitet, først og fremst for å dekkja behovet for kvalifisert arbeidskraft.

Fleire organisasjonar bidreg og med rettleiing til landbruket:

Nortura, Tine, Felleskjøpet Rogaland Agder, Felleskjøpet Agri, Fatland Slakteri Ølen, Tveit rekneskap med fleire.

4.4 Veterinærtjenesta i Kvinnherad

I dag er det 4 veterinærar som deler på den klinisk veterinærtjeneste på kveldstid og i helgar i Kvinnherad. To av desse har ei deltidstilling i kommunen.

I tillegg er det to smådyrklar med to veterinærar. Vidare kjem det tilreisande veterinærar som driv spesialisert praksis, m.a. tannstell av hest.

Innovasjon Norge sitt kontor i Bergen er ein god samarbeidspart når det gjeld utvikling og investeringar i landbruket. forvaltar bedriftsretta midlar til investering og bedriftsutvikling (IBU- midlar).

Landbrukskontoret har ansvar for førstelinjetjenesta lokalt. Arbeidsoppgåva er å hjelpa fram interesserte søkjarar, stimulera til gode prosjekt og fylgja opp i byggjeprosessen. Innovasjon Norge har vore, og er ein svært viktig støttespelar for landbruket i Kvinnherad.

Det kan nemnast at frå og med 2014 til i dag har Kvinnherad blitt tildelt 31 mill. i direkte tilskot til 30 større og mindre prosjekt innan tradisjonelt landbruk.

Vestland Fylkeskommune har ansvaret for forvaltning av midlar til rekruttering og kompetanseutvikling på landbruks- og matområdet.

Fylkesmannen i Vestland kan til dømes gje støtte til utvikling av prosjekt knytt til mat, drikke, reiseliv, Inn på tunet og lokalsamfunnsutvikling. Det er utarbeidd ein strategi for tildeling av BU-midlar.

Utdanning innan landbruk Det finnast gode stader/skular for utvikling og kursing, men òg for rekruttering av nye bønder (www.naturbruksskolene.no).

Vaktordninga er avgjerande for dyrevelferda i Kvinnherad.

Om landbruksnæringa ikkje har tilgang til kompetent medisinsk personell, vil det ikkje vera forsvarleg å drive med dyrehold. Det er kommunen sitt ansvar å sørgja for klinisk veterinærvakt. Tjenesta vart lagt ut på anbod og tildelt for ein fireårsperiode frå og med 2018.

4.4. Veterinærtenesta i Kvinnherad

Utviklingstrekk	Dyrehelsa i Kvinnherad har blitt betre. Det har vore 4-delt vaktordning i mange år. Frå 2013 vart klinisk veterinærvakt lyst ut på anbod. Det er kommunen sitt ansvar å sørgja for veterinærvakt i helger og på kveldstid.
Mål	Oppretthalde kompetansen som er blant veterinærane i kommunen i dag og gjera tenesta meir robust.
Strategi	Behalda dei eksisterande kommunale stillingane. Ha god dialog med veterinærar og Mattilsynet



Villsauer på Løfallstrand, foto: KLV

5. Jordbruk

Kva er landbruket sitt bidrag til fellesskapet?



Figur 5 - Illustrasjonen viser kva landbruket sitt bidrag til fellesskapet kan vere. I tillegg kjem fangst av klimagassar. Kjelde: Agri Analyse, 2018.

5.1 Mjølkeproduksjon

Det er kome krav om at mjølkeproduksjon skal skje i lausdriftsfjøs frå 2034. For mange vil det bety at det må byggjast nytt fjøs. I Kvinnherad er ein kome svært langt med dette arbeidet. Men for mange vil nye fjøs bety store investeringar. Det kan òg bety at ein må skaffa seg auka kvote og auka fôrgrunnlag. Slike krav kan føra til at enkelte produsentar vil gje seg t.d. ved generasjonsskifte. Grunna bortfall av eksportstøtte til Jarlsbergost blir det lagt opp til reduksjon av mjølkeproduksjonen. Ei anna utfordring er forbruket av mjølkeprodukt som

går ned og at importen av mjølkeprodukt aukar kraftig. Samstundes ser ein at det blir nytta store ressursar på produktutvikling og at norske bønder vinn internasjonale prisar for kvalitetsost. Grunnlaget for det er høg mjølke kvalitet, god dyrevelferd og flinke bønder. Sett ut frå dette, bør bøndene i Kvinnherad ha gode føresetnader for å klara seg i tida som kjem.

5.1. <u>Mjølkeproduksjon</u>	
Utviklingstrekk	Utviklinga går mot færre og større einingar og auka avdrått pr. ku/geit. Kvinnheradbøndene leverer høg kvalitet på mjølka. Ny teknologi kjem inn
Mål	Oppfylla mjølkekvoteane i størst mogleg grad og halda god kvalitet på produktet
Strategi	Laga ein investeringsstrategi for mjølkerobotar – det går mot større bruk Arbeida aktivt for å oppretthalda produksjonen og på mindre bruk. Stimulera til samarbeid og arbeida for auka investeringstilskot til mindre bruk.

5.2 Kjøttproduksjon

Det er for tida aukande interesse for kjøttproduksjon. Mange leverandørar som sluttar med mjølk går over til kjøttproduksjon. Då kan ein framleis nytta eksisterande bygningar og kjøttproduksjon kan lettare kombinerast med at ein må ut på anna arbeid.

Reduksjon i mjølkekvote kan og føra til at mjølkeprodusentar aukar opp med kjøtt. Det er og for tida fleire store utbyggingar for kjøttproduksjon på gang i Kvinnherad. Slik produksjon kan vera beitebasert og ein god måte å utnytta gode beiteområder.

5.2. Kjøttproduksjon	
Utviklingstrekk	Meir spesialisert produksjon. Høgare kvalitetskrav og krav til dyrevelferd.
Mål	Berekraftig kjøttproduksjon i Kvinnherad
Strategi	Ta klimasignal på alvor og tilpassa ein produksjon i samsvar med ressursgrunnlaget




Beitande kyr i Bondhusdalen. Foto: Visit Sunnhordland

5.3 Verdi av mjølke- og kjøttproduksjonen


Mjølke- og kjøttproduksjon er bærebjelken i landbruket i Kvinnherad. Tal produsentar er lågare, men produksjonen er aukande.

Tal mjølkeprodusentar/hentepunkt i Kvinnherad




Figur 6 – Utvikling i tal mjølkeprodusentar i Kvinnherad. Kjelde: Landbruksforvaltninga si informasjonsbase

Levert mjølkemengd i Kvinnherad




Figur 7 – Levert mjølkemengd i Kvinnherad frå ku og geit. Kjelde: Landbruksforvaltninga si informasjonsbase

Verdiskaping (bruttoprodukt) frå mjølkeproduksjon storfe, Hordaland 2007-2013-2016




Figur 8 – Verdiskaping frå mjølkeproduksjon på storfe i Hordaland. Kjelde: Nibio Rapport 174/2018

Verdiskaping (bruttoprodukt) frå mjølkeproduksjon på geit, Hordaland 2007-2013-2016




Figur 9 – Verdiskaping frå mjølkeproduksjon på geit i Hordaland. Kjelde: Nibio Rapport 174/2018

Verdiskaping (bruttoprodukt) frå kjøtproduksjon med ammeku Hordaland 2007-13-16



Figur 10 – Verdiskaping frå kjøtproduksjon med ammeku i Hordaland. Kjelde: Nibio Rapport 174/2018

Verdiskaping (bruttoprodukt) frå sauehald Hordaland 2007-2013-2016




Figur 11 – Verdiskaping frå sauehald i Hordaland. Kjelde: Nibio Rapport 174/2018


5.4 Økologisk landbruk

Frå sentralt hald har det i lang tid vore ei målretta satsing på økologisk landbruk. Målet er å stimulera til økologisk produksjon som er etterspurd i marknaden. Stoda i dag er at

etterspurnaden er større enn produksjonen for nokre produkt. Det er såleis grunnlag for å auka produksjonen.



Figur 12 - Oversikt over økologisk husdyrproduksjon i Kvinnherad i åra 2010 og 2018. Kjelde: Landbruksdirektoratet, 2019.



Figur 13 - Oversikt over økologisk areal i Kvinnherad, 2019. Kjelde: Landbruksdirektoratet, 2019.

Økologisk husdyrproduksjon har såleis lite omfang, og den ser ut til å ha ei framleis negativ utvikling i Kvinnherad (sjå figur 6). Økologiske produkt er betre betalt, men krev meir innsatsfaktorar.

Kvinnherad har god tilgang på rein energi og reint vatn. Dette er faktorar som bør telja positivt for produksjonen.

Når det gjeld andre produksjonar, så er utviklinga meir positiv. I Kvinnherad blir det produsert økologisk is og frukt. Det ser ut til å vera ei aukande interesse for slik produksjon.


I Kvinnherad har vi inspirasjonsbonde for økologisk fruktproduksjon, som har starta opp produksjon sjølv og kan inspirera andre til å setje i gong.

5.4. Økologisk landbruk

Utviklingstrekk	Det er opplevd stagnasjon og for tida lita interesse for økologisk produksjon
Mål	Auka økologisk produksjon i samsvar med nasjonale mål.
Strategi	Etablere økologiske miljø i visse område av kommunen



5.5 Frukt-, bær- og drivhusproduksjon, samt birøkt.



Figur 14 - Drivhusproduksjon i Kvinnherad. Kjelde: Landbruksdirektoratet, 2019.

Drivhusproduksjon

I Kvinnherad er det eit anlegg som produserar tomat og agurk og nokre blomegartneri.

Grønsaksproduksjon

Det er liten produksjon av grønnsaker i Kvinnherad i dag. Det bør vera potensiale til å auka denne produksjonen.

5.5. Drivhusproduksjon	
Utviklingstrekk	Tal produsentar er redusert
Mål	Etablering av nye produsentar og ta vare på eksisterande produsentar
Strategi	Fokusera på klimavennlege veksthus, stø opp om eksisterande og nye produsentar

Fruktdyrking har lange tradisjonar i Kvinnherad, og interessa har teke seg opp. Regjeringa ønskjer å auka desse produksjonane, og det er per i dag gunstige finansieringsordningar for etablering av frukt- og bær-produksjon.

Det er sterk fokus på at det blir færre insekt til pollinering. Derfor bør ein ha fokus på å ta vare på nokre blomeenger.

I Kvinnherad har vi inspirasjonsbonde når det gjeld økologisk fruktproduksjon.

5.5. Frukt og bær	
Utviklingstrekk	Aukande interesse og nyetableringar innan fruktproduksjon etter 2017
Mål	Sterk auke i produksjonen av frukt og bær i Kvinnherad
Strategi	Stimulera til etablering av nye fruktområde og bærområde.

Birøkt Det er aukande interesse for birøkt. Det er om lag 20 honningprodusentar i kommunen. For meir informasjon sjå


Facebook-sida «Bier i Kvinnherad». For bifolk vart produksjonstilskot først innført i 2017.

5.5. <u>Birøkt</u>	
Utviklingstrekk	Det er aukande interesse for honningproduksjon i Kvinnherad
Mål	Auka produksjon og bidra til å skapa produsentmiljø innan produksjon av frukt, bær og honning
Strategi	Stimulera til fleire kurs innan honningproduksjon Oppretta lokalt birøktarlag

5.6 Produksjonstilskot og andre tilskotsordningar i landbruket

5.6.1 Produksjonstilskot og tilskot til avløyising

Utvikling i tal søknadar om produksjonstilskot og oppgitt areal i Kvinnherad.



Figur 15 - Tal søknadar om produksjonstilskot og oppgitt areal i Kvinnherad 1994-2018. Kjelde: Statens Landbruksforvaltning.

Tabellane over viser at sjølv om talet på søknadar om produksjonstillegg har gått noko ned, så har jordbruksareal i drift halde seg stabilt .

Det har vore endringar i korleis areala på gardane har blitt oppmålt og regelverket for tilskot har endra seg vesentleg sidan 1995.

Utviklinga i produksjonsgrunnlag kan du sjå i kapittel 17.2 Figur 1 Produksjonsgrunnlag Kvinnherad 1998-2018 under statistikkdelen i planen.


Utviklinga i dyretal og typar finn du i kapittel 17.2 Figur 2 Produksjonstal Kvinnherad 2017 – 2018 under statistikkdelen i planen.



Produksjonstilskot Kvinnherad 2017-2018


Figuren nedanfor viser at dyretalet har halde seg oppe i dei produksjonane som er basert på bruk av grovfôr. Produksjonar som gris og høns som krev mykje kraftfôr, har hatt nedgang.

2017 var første året med nytt søknadssystem for produksjonstilskotsordningane og Landbruksdirektoratet legg no opp til 2 søknadsomgongar og 1 utbetaling pr. år.



Figur 16 – Fordeling av produksjonstilskot til jordbruket i Kvinnherad 2017-2018. Kjelde: Statens Landbruksforvaltning.

Produksjons- og avløysartilskot/tal søknadar for Kvinnherad:




Figur 17 – Utvikling i utbetalte produksjons- og avløysartilskot og tal søknadar 1998-2018.
Kjelde: Statens Landbruksforvaltning.

5.6.2 Regionalt miljøprogram for Vestland (RMP)

Hovudmålet er å stimulera til å oppretthalda og utvikla eit ope og variert kulturlandskap.

I 2017 var det 99 søknadar og i 2018 96 søknadar til desse ordningane frå Kvinnherad.



Figur 18 – Utbetalningar i Regionalt miljøprogram (RMP) til Kvinnherad 2017-2018
Kjelde: Statens Landbruksforvaltning.

5.6.3 Tilskot til organisert beitebruk

Statleg ordning for å betre utnyttinga av utmarksressursane og redusera tap av beitedyr.

5.6.3. <u>Tilskot til organisert beitebruk</u>	
Utviklingstrekk	Tilskotsordninga er i 2019 lagt om og stimulerar no meir til samarbeidstiltak
Mål	Betre utnytting av beiteressursane
Strategi	Samarbeida med beitelaga om utvikling av beitedrifta

5.6.4 SMIL (Særskilte miljøtiltak i jordbruket)

Ei ordning som skal gje ekstra støtte til tiltak for å ta vare på kulturminneverdiane i kulturlandskapet og til å redusera forureining.


SMIL-ordninga har vore svært gunstig for Kvinnherad. Den har støtta mange både små og store prosjekt. Innan beiterydning så har det til dømes blitt rydda og inngjerda store områder mellom Seim og Rosendal og elles i dei fleste bygdene i Kvinnherad. Denne ordninga har ført til oppstart av mange prosjekt, og den har og utløyst støtte frå mellom anna Kulturminnefondet:

- Prosjekt innan gamle bygg som til dømes saga på Seim, Løa på Juelgarden på Halsnøy

- Postvegen
- Saga i Gjuvslandslia
- Styving av tre
- Opprusting av turstiar
- Tiltak for å hindra avrenning til vassdrag
- Reparasjon av gamle steingardar

Dette er døme på tiltak som har fått støtte. Det har vore gjeve tilskot til fjerning av piggtråd og tromsøpalme.

Kvinnherad kommune har egne kommunale retningslinjer, som blir endra kvart 5 år. I 2018 var den totale ramma for Hordaland på kr 5, 2 mill. og av desse kr. 545.000,- fordelt lokalt



Figur 19 – Utvikling på tal SMIL-søknadar og utbetalingar i Kvinnherad 2010-2018
Kjelde: Statens Landbruksforvaltning.

5.6.4. <u>SMIL (Særskilte miljøtiltak i jordbruket)</u>	
Utviklingstrekk	Stor etterspurnad i Kvinnherad etter SMIL-midlar. Reduksjon i overføringane til fylka, men stor aktivitet i Kvinnherad har gjort at vi har klart å halde løyvingsnivået oppe.
Mål	Ta vare på kulturminneverdiane i kulturlandskapet og til å redusera forureining.
Strategi	Få fram gode prosjekt

5.6.5 Andre tilskotsordningar

Drenering

Der er statleg tilskot til drenering av tidlegare drenert jord. I 2019 vart det også innført eit kommunalt tilskot til drenering.

5.6.5. <u>Andre tilskotsordningar</u>	
Utviklingstrekk	Tilskot til drenering vart fjerna i ein lang periode og er no kome tilbake. Frå 2019 vart det og sett av kommunale midlar til grøfting.
Mål	Ta vare på dyrka jord og auke avlingane ved å drenere
Strategi	Oppretthalde tilskotsnivået og halde fram med kommunalt tilskot i tillegg.

5.6.6 Kommunale tilskotsordningar

Nydyrking

Kvinnherad kommune innførte i 2019 tilskot til nydyrking. Det er ikkje statlege tilskotsordningar til nydyrking

Skogsvegar

Kvinnherad kommune har sidan 2014 løyvd tilskot til bygging av skogsvegar, klasse 3-7. I 2019 vart det avsett kr. 250.000,- til dette.

Kommunalt Næringsfond

Kvinnherad kommune har eit kommunalt næringsfond. Midlane til fondet kjem frå Sunnhordland Kraftlag AS som ein del av konsesjonsvilkåra i samband med utbygginga av Blåfalli I i 1981. Avkastninga av fondet kan nyttast til tilskot til næringsføremål.

Hovudføremålet er å stimulera til oppretting av nye arbeidsplassar, men òg å sikra

eksisterande. Det har m.a. vore gitt midlar frå fondet til kjøp av mjølkekvotar i næringsssvake strok.

Dei seinare åra har det vore avsett om lag 200.000 kr i året til bruk frå fondet.

Frakttilskot til veglause bruk

Kommunestyret vedtok for mange år sidan at bruk utan veg kunne søkje om tilskot til frakt. Det blir innarbeidd i det årlege kommunebudsjettet.

Skotpremie

Kvinnherad kommune har i mange år hatt skotpremie på rev, mink, mår, kråke og mårhund. Alle som skal driva jakt og fangst må ha betalt jegeravgift.

Viltfond

Kommunar der det er jakt på elg og/eller hjort skal etablera eit kommunalt viltfond.

Kvinnherad kommune etablerte eit slik viltfond i 2001. Føremålet med kommunale viltfond er å skapa økonomisk bakgrunn for å fremja viltforvaltinga i kommunen. Søknadar blir behandla i formannskapet to gonger i året og søknadsfrist er 01.05 og 01.10.

Inntektene til fondet er basert på :

- Fellingsavgift fastsett av kommunen.
- Tilskot frå det statlege viltfondet.
- Fondet si årlege avkastning.
- Inntekter frå omsetning av ulovleg felt vilt
- Inntekter frå omsetning av fall vilt og trafikk skadd/drepe vilt

Viltfondsmidlar kan brukast til:

- Tilskot til tiltak for å fremja viltforvaltinga, styrka kunnskapen om viltet, jaktorganisering med meir i kommunen og nabokommunar. Dette skal skje gjennom

samarbeid i regi av organisasjonar, einskildpersonar eller kommunen.

- Å dekke kommunen sine utgifter til ettersøk og handtering av skadd vilt og fallvilt i kommunen.
- Tiltak for å førebyggja skadar på landbruksnæringa grunna hjortevilt.

Fiskefond

Det finst 3 ulike fiskefond i kommunen, med ulike mål og ulike summer som blir betalt inn kvart år.

- Fondet Staffivatnet kan brukast for opphjelp av fisk/vilt/friluftsliv i det området som er omfatta av utbygginga.
- Fondet Blåfalli kan brukast i heile kommunen til opphjelp av fisk og vilt.
- Fondet Opstveit- og Midtbotnvatn kan brukast til opphjelp av fisk i heile kommunen.

Forskrifter for bruk av fiskefonda i Kvinnherad kommune vart vedteke 25.10.2018.

5.6.6. Kommunale tilskotsordningar	
Utviklingstrekk	Kvinnherad kommune har innført nye tilskotsordningar dei seinare åra, t.d. til grøfting, nydyrking og skogsvegar. Frå før har det vore løyvud frakttilskot til veglause bruk.
Mål	Nytta tilskotsmidlane til auka aktivitet i landbruket
Strategi	Få fram dei gode prosjekta og oppretthalda ordningane.

5.7 Prosjekt - eksisterande og framtidige

1. Sauehald Baroniet NMBU – prosjekt «Rosendalslam»

Sauehald har lange tradisjonar i Kvinnherad. Baroniet har frå tidlege tider vore eit senter for nyvinning og utvikling av sauehaldet. Det er no starta eit samarbeid med Universitet for miljø og biovitenskap på Ås, Fatland slakteri, Sogn jord- og hagebruksskule, Kvinnherad

kommune og fleire andre sentrale aktørar i landbruket. Føremålet er å tilpassa sauehald og utmarksnæring til krava i dag, med vekt på klima, berekraft og tilpassing til dei ynskjer som vi finn i samfunnet rundt oss. Prosjektet har internasjonale forgreiningar og kan få stor verdi for sauehaldet. Om ein ynskjer

- meir informasjon, så kan ein gå inn på heimesida til «Fjorlam».
- 2. Landskap i drift – Fokus på beite**
Prosjekt «Landskap i drift» var eit prosjekt i regi av Fylkesmannen i Hordaland. Dette er diverre avslutta, men det førte til at ein i Kvinnherad fekk ekstra støtte til samarbeidsprosjekt innan beiterydding og inngjerding. I området Seim til Rosendal er det rydda store område.
 - 3. Klimasmart Landbruk**
Klimasmart landbruk er eit stort satsingsområde i Kvinnherad. Norsk Landbruksrådgiving Vest har utvikla «NLR – Kretsløptolken» som er ein reiskap til å vurdere næringsstoffkrinslaup og klimagassutslepp på gardsnivå. God agronomi er eit nøkkelord her. Ein arbeidar òg for å redusere bruken av plast og for meir miljøvenleg drivstoff.
 - 4. Gamle driftsbygningar – ressurs eller problem.**
Den store omlegginga vi opplever i landbruket gjer at mange driftsbygningar blir ståande utan at dei har nokon funksjon. Men dei set sitt preg på landskapet og utan vedlikehald kan det skapa eit negativt bilete av kulturlandskapet vårt. For gode bygningar bør det bli ei oppgåva å finna alternativ bruk. Dårlege bygningar bør sanerast. Alt dette kostar og det kan bli ein kostnad som blir stor for den enkelte bonde. Det er såleis sterkt ynskjeleg om ein kan få til ei ordning som støttar opp om slike tiltak.
 - 5. Dyrk smart**
«Dyrk smart» er ei ordning tilpassa fruktdyrking. Her og er Norsk Landbruksrådgiving Vest ein god samarbeidspartner.
 - 6. Storfeprosjektet**
Dette er eit prosjekt med føremål å oppretthalda produksjonen av mjølk og kjøt i Vestland fylke. Det har eigen prosjektleiar som kan hjelpa til om ein har planar om utbygging.
 - 7. REKO-ring i Kvinnherad.**
Norsk Bonde- og Småbrukarlag starta opp Reko-ring som er ein salskanal som høver godt for småskala-produksjon. REKO står for rettferdig konsum. Lokalprodusert mat blir annonsert i ei Facebook-gruppe. Der kan ein bestilla mat og drikke for levering på faste utleveringsdagar. I kommunen er det såleis grunnlag for auka produksjon og det er eit ynskje om auka produksjon. Det er òg god tilgang på fagleg hjelp gjennom Norsk landbruksrådgjeving, Vest.
 - 8. Rydd langs veg - Utsiktsrydding**
Utsiktsrydding er fjerning av tre, renningar og buskar langsmed ferdselsårar som veg og sti for å gje brukarane betre utsikt til det kringliggjande landskapet. Utsiktsrydding er sjeldan snauhogst, men skal utførast i form av stammekvisting og avstandsregulering. Dette reduserar solinnstrålinga til botnvegetasjonen, og saman med stubbebehandling reduserar det gjenvekst av ny vegetasjon, samstundes gjev det auka utsikt. Tilskot til utsiktsrydding i tilknytning til landbruket sitt kulturlandskap vart innført i Sogn og Fjordane, Hordaland og Møre og Romsdal frå nasjonalt hald fom 2016. Ordninga har falle vekk frå 01.01.20.

Landbrukskontoret har følgd 3 prosjekt om utsiktsrydding som har oppnådd gode resultat:

Baroniet Rosendal – Rosendal



Tiltaket var planlagt opp langs sida av Hattebergfossen i Rosendal i samarbeid med styret for nasjonalparken. Området var nærmast blitt uframkomeleg og farleg å ferdast i grunna mykje vindfall. Stien og området rundt var tilplanta med gran, og det var såleis eit vanskeleg og tidkrevjande arbeid å rydda opp. Stien har blitt rydda fram att. Skogen som hindra utsyn mot fossen blei fjerna.

Erslandsvatnet – Sandvoll

Grunna tett vegetasjon som hindra sikt, var Erslandsvatnet nesten ikkje synleg. Etter utsiktsryddinga i strekninga, er det mogleg å nyte den vakre utsikta over

vatnet. Dette har auka opplevingsverdien



av det vakre kringliggjande kulturlandskapet.

Kvitebergvatnet i Ølve



Området mellom vegen og vatnet var heilt vakse til med lauvskog og det var mest umogeleg å sjå vatnet frå vegen. Dette er eit område med store naturkvalitetar og mykje gammal historie. Det er rydda 280 m. langs riksvegen.

5.7.

Prosjekt

Utviklingstrekk	Utviklingsmidlar blir meir og meir kanalisert gjennom prosjekt. Kommunale planar blir ofte sett som ein føresetnad for å få tildelt fylkeskommunale og statlege midlar
Mål	Auka aktivitet i næringa gjennom ulike samfunnsnyttige prosjekt
Strategi	Stø opp under innovatørar og folk med nye idear på ein konstruktiv måte. Følgje med på trendar og finne nye moglege prosjekt. Kvinnherad kommune ønskjer å vera ein aktiv medspelar i framtidige prosjekt som er samfunnsnyttige

5.8 Samfunnskontakt

Fagmøter

Kommunen tek initiativ til å arrangere aktuelle fagmøter i lag med Norsk Landbruksrådgiving Vest.

Grønt forum er eit forum med ulike faglag og organisasjonar knytt til landbruket i kommunen. Forumet blir nytta til diskusjonar, informasjon og innspel. Det vart oppretta i 1997.

Velkomstbrev og invitasjon til møte etter overtaking

Kommunen sender ut «Velkomen som eigar av landbrukseigedom» til alle som overtek

landbrukseigedomar. I samband med dette forklarar ein kort om oppgåver landbrukskontoret har og som kan vere til hjelp til nye gardbrukarar. Landbrukskontoret inviterer til eit møte på landbruksseksjonen om dei ynskjer ein prat. I tillegg tilrår kommunen å følgje med på sosiale media på aktivitetar i landbruket i Kvinnherad. Dersom det er buplikt på eigedomen dei har overteke, minner kommunen òg på det i same skriv.

5.8. <u>Samfunnskontakt</u>	
Utviklingstrekk	Fagmøte: aukande aktivitet med ulike temasamlingar
Mål	Kvinnherad kommune ønskjer å vera ein viktig aktør for å skape god utvikling i samfunnet og ta godt vare på tilflyttarar og etablerarar.
Strategi	God kontakt med ulike næringar. Gje tilskot til Norsk Landbruksrådgiving Vest Ta initiativ til og informera om samlingar og møte

5.9 Utnytting av jordressursar

5.9.1 Nydyrking og bruk av jordmassar

Det er stor byggjeaktivitet i Kvinnherad og mykje massar som skal flyttast på. Massane er svært godt eigna for å betre arrondering av landbruksareala.

Søknadar om nydyrking og arrondering blir behandla av landbrukskontoret etter gjeldande regelverk. Om det blir søkt om større tiltak, som deponi m.m. blir desse sakene handsama etter plan- og bygningslova.

Norsk Landbruksrådgiving og Fylkesmannen i Vestland har utarbeidd ein rettleiar for bruk av jordmasser.

Det kjem stadig ønske om massedeponering i kommunen. Det er stor trong for deponi rundt om i Kvinnherad som er godkjente. Slik det er i dag kan nokre massar nyttast som fyllmasser for framtidig planering av skog, beite eller dyrka mark, medan steinmasser kan nyttast som grunnlag for bygging av skogsvegar.

5.9.1. <u>Nydyrking og bruk av jordmasser</u>	
Utviklingstrekk	<ul style="list-style-type: none">- Stor byggjeaktivitet fører til mykje overskotsmassar og mangel på plassar til å deponera desse.- Auka aktivitet i landbruket fører til trong for nydyrking.

Mål	<ul style="list-style-type: none"> - Legga til rette for auka nydyrking og ein samfunnsgagnleg bruk av jordressursane i kommunen. - Vera i framkant slik at det er godkjende deponi for ulik bruk i kvar bygd. Deponi for jord, stein og skogsavfall (røter, stubbar mm). Massane må vera reine. Dei som leverer må sikra dokumentasjon på at massane ikkje inneheld forureinande stoff .
Strategi	<ul style="list-style-type: none"> - Arbeida inn retningsliner for bruk av overskotsmassar i kommunalt planverk. Vera aktive med fokus på å nytta statlege midlar til grøfting . - Lysa ut at grunneigarar som har eigna areal tek kontakt og får areala avklarte.

5.9.2 Beite - attgroing

Det er store beiteressursar i kommunen som kan utnyttast betre. Fleire av produsentane i kommunen sender dyra sine på beite i andre kommunar. Nokre geiteprodusentar driv støling på Haukeli, andre har dyra på eigen støl i Kvinnherad.

Elektronisk overvaking av beitedyr har framtida for seg. Meir av beiteareala kan

nyttast når det er lettare å finne att dyra, anten dei er på fjellet eller i utmarka heime. Elektronisk overvaking høver på alle slags beitedyr.

Utfordringar med elektronisk overvaking er dekningsgrad, pris og batterikapasitet. Dette er i rivande utvikling og vil kunne bli ein god reiskap i framtida.

5.9.2.	<u>Beite - attgroing</u>
Utviklingstrekk	Landskapet i Kvinnherad er prega av attgroing i nokre område og tregrensa stig.
Mål	Betre utnytting av utmarka og ta vare på det opne landskapet
Strategi	Stimulera til meir bruk av beitedyr


6. Skogbruk

6.1 Nøkkeltall for skogarealet

Kvinnherad har eit total areal på om lag 1137 kvadratkilometer, der om lag 250 er produktiv skog. Det er ca. 60 000 dekar kulturskog, resten likt fordelt lauv- og furuskog. Tilveksten i kulturskogen blir rekna til kring 1 kubikkmeter per dekar per år. Dette gir ein tilvekst i Kvinnherad på om lag 60.000 kubikkmeter tømmer per år.

I naturskogen reknar ein tilvekst på 0,1 kubikkmeter per dekar og år, totalt om lag 20 000 kubikkmeter tømmer per år.

Det er 842 skogeigedomar i Kvinnherad registrert i skogfondssystemet. Gjennomsnittsstørrelsen på eigedomene er om lag 200 dekar.




Figur 20 – Oversikt over skog i Kvinnherad. Kjelde: Tal frå Ar5 karta



Skogprodukt i alt

Verdi (1000 kr) avverking, juletre og pyntegrønt, jakt og nettotilvekst. Kommunar i Hordaland.

Kjelde: Nibio Rapport 174/2018



Figur 21 - Verdi (1000 kr) avverking, juletre og pyntegrønt, jakt og nettotilvekst. Kommunar i Hordaland.


Kjelde: Nibio Rapport 174/2018

6.2 Avverking og planting

Avverkinga er i hovudsak utført av innleigde entreprenørar gjennom ATskog og Nortømmer med mekanisert skogsdrift. Den


høge avverkinga i 2015 skuldast hogst av stormfelt skog etter stormen Nina i januar 2015.

Tabell: Avverkning 2015 – 218



Figur 22 – Avverkning av skog i Kvinnherad 2015-2018. Kjelde: Øks - Økonomisystem for skogordningene

Tabell : Planting 2015-2018



Figur 23 – Nyplanting i Kvinnherad 2015-2018. Kjelde: Øks - Økonomisystem for skogordningene

Det har blitt hogd mykje i Kvinnherad i den siste tida, men det går seint med forynging. Det same skjer på heile Vestlandet. For å få noko meir handlingsrom for oppsøkjande verksemd i samband med foryngingsplikt utlyste Fylkesmannen i Vestland 600 000 kr frå skogkulturløyingar i 2019 til motivasjonstiltak.

Landbrukskontoret har søkt og fått midlar, og hausten 2019 vart det arrangert to skogkveldar og to skogdagar. Dette var i samarbeid med Ytre Hardanger skogeigarlag og Søre Kvinnherad skogeigarlag. Meininga var å stimulera ny planting og å få gode argument for å få opp ny skog i området vårt, samstundes ville vi auka kunnskapen til

skogeigarane og gardbrukarane for å finne ein balanse mellom økonomi, naturmangfald og stabilitet i skogen.



6.2. Avverking og planting	
Utviklingstrekk	God avverking, men for lite planting i høve til avverking av skog. For lite planting gjer at kulturskogen blir redusert
Mål	Stimulera til nyplanting fordi skogen er viktig både som råstoff for industrien og som klimatiltak.
Strategi	Auka kunnskapen til skogeigarane og gardbrukarane for å finna ein balanse mellom økonomi, naturmangfald og stabilitet i skogen.

6.3 Hovudplan for skogsveg

Kvinnherad kommune vedtok ny hovudplan for skogsbilveg i 2013. Hovudplan for skogsveg viser kva bruk skogbruket har for infrastruktur som er tilpassa det utstyr som skogen blir driven med i dag. Planen tek for seg behovet for skogsvegar i Kvinnherad i perioden 2013-25. I planen er det teke med dei områda der det er rekna med at det vil stå hoggande granskog i løpet av næraste 15 åra. I denne planen er det verdiskaping frå skogbruket som er hovudsaka, i tillegg til å synleggjera klimagevinsten eit aktivt skogbruk gjev.

Totalt er det føreslege 69 km med nybygging eller opprusting av skogsbilveg i kommunen.

Det var i mars 2018 registrert kring 220.000 meter skogsveg i kommunen. Det har gjennom åra blitt bygd mykje veg i skogen i kommunen, ikkje minst som følgje av store stormskadar tidleg på 1990-talet. Desse vegane, i lag med tømmerkaiane, sikrar at vi får levert tømmeret ut til dei marknadane som er tilgjengelege. Store delar av skogsvirket frå

Kvinnherad blir eksportert til andre delar av landet. Lokalt er det fleire brukarar av skogsvirket. Etter kvart er det fleire som kjøper massevirke til bioenergi. Totalt er det trong for om lag 2000 m³ til desse flisanlegga, i tillegg til ein stor del ved til eige bruk og til sal.

Hovudplan for skogsvegar skisserar ei trong for 46 kilometer ny veg i skogen i Kvinnherad. Dette vil løysa ut om lag 12.500 dekar kulturskog med 600.000 kubikkmeter skog som er hogstmoden i løpet av planperioden. Verdien for AS Noreg vil vere kring 2,5 milliardar NOK, med ein førstehandsverdi på kring 210 millionar NOK.

Fylkesmannen er i ferd med å overføre oppgåver til kommunane når det gjeld handsaming av statleg tilskot til bygging av skogsvegar.

I gjeldande hovudplan for skogsveg 2013-2025 ligg det 34 planlagde tiltak. Berre nokre er gjennomført pr. 2019, så hovudplanen kan fortsetje som sjølvstendig plandokument ut planperioden.

6.3. Hovudplan for skogsveg	
Utviklingstrekk	God aktivitet i bygging av skogsvegar.
Mål	Realisera nybygging av skogsbilvegar for å auka tilgjenge til skogressursane som i dag står langt frå veg.
Strategi	Byggja fleire skogsvegar og nytta kommunale og statlege tilskotsordningar. Få fram samfunnsnytta frå skogbruket og klimagevinsten eit aktivt skogbruk gjev.

Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)

Føremålet med tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket er at det ut frå regionale og lokale prioriteringar blir stimulert til auka verdiskapning i skogbruket. Samstundes skal miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, friluftsliv, landskap og kulturminne i skogen bli tekne vare på og utvikla vidare.

Kommunen får tildelt ein tilskotsramme av Fylkesmannen kvart år. Tildelinga er politisk styrt og variera frå år til år. I 2019 har Kvinnherad kommune fått tildelt 180 000 kr.

Fylkesmannen har retningsliner for tilskot til bygging av skogsvegar og drift med taubane.

6.3. <u>Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)</u>	
Utviklingstrekk	Aukande kjennskap til NMSK og fleire søkjer på ordninga, som har eksistert i mange år.
Mål	Auka verdiskapning i skogbruket og ta vare på miljøverdiar.
Strategi	Fremja en berekraftig forvaltning av skogressursane.

Verneskog

Verneskog er skog som fungerer som forsvar mot naturskader (skred, elvebrot og flaum). Den gjev vern mot vêr og vind for annan skog, dyrka mark, busetnad eller skog som er særleg utsett på grunn av klimatiske forhold og som derfor er sårbar og kan bli øydelagd ved feil skogbehandling. Samstundes har skogen fleire viktige reguleringsfunksjonar for område utanfor skogen. Skogen sin nytteverdi vil bli viktigare i eit endra klima.

Forvaltning av verneskog på ein berekraftig og langsiktig måte vil vere eit viktig tiltak innanfor lokal og regional klimatilpassing. For å hindre feil skogbehandling i verneskog, er det i mange områder fastsett meldeplikt for hogst.

Vestland er eit av dei fylka i Noreg som har flest utfordringar med sterk nedbør og ras. I dag er situasjonen slikt at det ikkje er noko

verneskogområde i Vestland definert, som har ein førebyggjande vernefunksjon mot naturfare.

Kvinnherad kommune er med i ei arbeidsgruppe for verneskog i Vestland i lag med representantar frå andre kommunar, Vestland fylkeskommune, Fylkesmannen i Vestland, NVE og Landbruksdirektoratet. Målsetjinga for arbeidsgruppa er å finne modellar for drift av verneskog i område som er utsett for naturfare/naturkatastrofar. Førebygging mot naturskade betyr at ein har definert utfordringa i område, sikra eit stabilt tilskotssystem, driv langsiktig planlegging, får profesjonell rådgjeving og ikkje minst driv forskning. Val av eigna og tilpassa treslag, skjøtselstiltak og eigna driftsløysingar er avgjerande for å ivareta skogen sin vernefunksjon.

6.3. <u>Verneskog</u>	
Utviklingstrekk	Pr. i dag er det ingen område med definert verneskog i Kvinnherad.
Mål	Etablera verneskog i Kvinnherad og finna modellar for drift av verneskog i områda som er utsette for naturfare
Strategi	Kartleggja kva område i Kvinnherad som kan ha funksjon som verneskog.



Jordbruksbygda Omvikdalen


7 Nye næringer/tilleggsnæringer

Det har frå regjeringa si side blitt oppmoda til etablering av tilleggsnæringer til landbruket i mange år. Innovasjon Norge har tilskots- og låneordningar som støyr opp om etableringar i tillegg til støtte til tradisjonelt landbruk.

Regjeringa og Stortinget har gjennom jordbruksoppgjæret for 2017 og Prop. 14 S (2016-2017) gitt Fylkesmannen ansvar for å utarbeide regionalt bygdeutviklingsprogram (RBU). Programmet skal bestå av Regionalt næringsprogram (RNP), regionalt miljøprogram (RMP) og regionalt skog- og klimaprogram (RSK).

Regionalt bygdeutviklingsprogram for Vestland 2019-2022 har som hovudmål å utvikle ei stabil og allsidig landbruksnæring i Vestland fylke. Programmet er utarbeidd av Fylkesmenn, bondelag, bonde og småbrukarlag, fylkeskommunen, Innovasjon Norge og KS. I Hordaland er det Voss og Kvinnherad som har høgast verdiskaping i tilleggsnæring med eit bruttoprodukt på høvesvis 16 mill. kr. for Voss og 13,5 mill. kr. for Kvinnherad.

Verdiskaping frå tilleggsnæringer i Hordaland, 2016, mill. kr



Figur 24 – Verdiskaping frå tilleggsnæringer i Hordaland i 2016. Kjelde: Nibio Rapport 174/2018

7.1 Andre tilleggsnæringer

- ✓ **Utmark – nytting av utmarka og ressursane der.**
- ✓ **Leigekjøring**
- ✓ **Reiseliv**
- ✓ **Nasjonalpark og verneområder**
- ✓ **Inn på tunet**
- ✓ **Juletre og pyntegrønt**
- ✓ **Kraftproduksjon**
- ✓ **Bygg- og anleggsverksemd**
- ✓ **Sand og pukk og mineral**
- ✓ **Tang- og tareproduksjon**
- ✓ **Bygdemobilisering**

Utmark – nytting av utmarka og ressursane der

Utmark er alt land som ikkje er innmark, privat eller offentleg udyrka mark, og omfattar det meste av vatn, strand, myr, skog og fjell i Noreg. Utmarksnæring er økonomisk bruk av skog- og fjellområde til andre føremål enn skogbruk som til dømes jakt, fiske, utbygging av overnattingstilbod som hytter og camping, rekreasjonstilbod og utbygging av alpinanlegg.

Kva moglegheiter og potensial er det i utmarksnæring her hos oss?

Døme:

- jakt og innlandsfiske - Utvikling og sal av jakt- og fiskeprodukt
- jakt- og fiskebuer / -hytter, jakttårn – generelt byggplattformer for jakt / fiske.
- aktivitetsanlegg for fritids- og turistføremål
- mikro- og minikraftverk liknende energiproduksjonsanlegg
- husvære for seterdrift og skogsdrift
- ressurskartlegging

Leigekjøring

Aukande spesialisering og samarbeid fører til større grunnlag for leigekjøring. Mange bønder har maskinpark og kompetanse som kan nyttast til leigekjøring.

«Landbruket har et stort potensial innenfor det opplevelsesbaserte reiselivet. Vi er utstyrt med naturens egne kulisser som andre land bare kan drømme om, og disse må vi utvikle til kommersielle, ekte opplevelser til verdens reiselivsmarked»

Kristin Krohn Devold, administrerende direktør i NHO Reiseliv

Reiseliv

Nasjonalt er målet for reiselivsstrategien at ein aukar verdiskaping for mat- og reiselivsaktørar i landbruket. At Norge er ein anerkjend matnasjon der òg aktivitetar og opplevingar frå landbruket skal bidra til å utvikle Norge som attraktivt reisemål. Berekraft ligg som ein premiss og konkurransefortrinn.

I Kvinnherad har mange gardsbruk reiseliv som tilleggsnæring til bruket. Utleiehytter, båtutleige, sal av fiskekort, galleri, gardsbakeri, mikrobryggeri, festivalar, hjortejakt, kafé, utleigelokaler, aktivitetsparkar, rideturar, gardsbesøk osb.

Kvinnherad kommune samarbeidar med Visit Sunnhordland og Visit Hardangerfjord om utviklings- og tiltaksarbeid i regionen. Kvinnherad kommunestyre vedtok i 2018 at dei var positive til at Sunnhordland skulle søkje om status som berekraftig reisemål.

Nærare 30 gardsbruk i kommunen hadde reiselivsrelatert tilleggsnæring i 2019. Turistinformasjonen har godt samarbeid med mange av desse.

7.1 Landbruk og reiseliv	
Utviklingstrekk	Aukande interesse for naturbasert reiseliv. Variert reiselivstilbod frå gardsbruk i Kvinnherad, men potensiale til å utvikla nye etterspurde berekraftige tilbod til besøkjande
Mål	Utvikla fleire berekraftige landbrukstilknytte tilbod retta mot besøkjande til Kvinnherad. Etablera fleire tilbod knytt til lokalmat, natur, kultur og aktivitetar.
Strategi	Støtta nye idear med engasjement og kunnskap. Auka fokus på utvikling av tilbod innan lokalmat, servering, overnatting, natur- og kulturbaserte opplevingar. Vera oppdatert på ulike støtteordningar og tilbod til næringa.

Nasjonalpark og verneområder

I Noreg blir naturvernområde oppretta etter naturmangfaldlova, som vart vedteken i 2009. Forskriftene for desse verneområda må vi retta oss etter i arbeidet med å nytta naturressursane i kommunen og sjå kva moglegheiter dei gjev for landbruket.

Måla med verneområda er å ta vare på:

- ✓ heile variasjonen av naturtypar og landskap
- ✓ artar og deira genetiske mangfald
- ✓ truga natur
- ✓ større intakte økosystem
- ✓ område med særskilte naturhistoriske verdiar
- ✓ natur prega av menneske sin bruk gjennom tidene (kulturlandskap)
- ✓ økologiske og landskapsmessige samanhengar nasjonalt og internasjonalt
- ✓ referanseområde for å følgje utviklinga i naturen

I Kvinnherad har vi:

1 nasjonalpark - 280 km²

5 landskapsvernområde - 33 km²

«Med unike naturressurser og godt kunnskapsgrunnlag har Norge mulighet til å ta en ledende posisjon innen naturbasert reiseliv. Men ikke i antall turister. Fokus må være på opplevelser, verdiskaping og berekraft. Da kan det naturbaserte reiselivet bli en del i det grønne skiftet»

Peter Fredman, professor NMBU

14 naturreservat – 11 km²

5 naturminne (freda tre)

Det ligg godt til rette for å utvikla nye næringar innan naturbasert reiseliv i nokre verneområde. Det har vore endringar i besøksforvaltinga av norske nasjonalparker dei seinare åra og ein er for enkelte område meir open for ferdsel inn i områda.

Ved enkelte innfallsportar til nasjonalparken har det dei seinare åra blitt stort trykk på infrastruktur med aukande trafikk av turgåarar inn i nasjonalparken og landskapsvernområda.

Kva potensiale finst i desse verneområda i framtida?

Berekraftige naturbaserte aktivitetar kan gje grunnlag for utvikling i landbruket i kommunen. Aktivitetar slik som naturguiding etter ulike tema, fotturar, fiske, fugle- og dyrekikking osb. Slike aktivitetar kan inspirere til utvikling av bygdene i kommunen.

7.1 <u>Landbruk og nasjonalpark</u>	
Utviklingstrekk	Det er aukande interesse for naturen, flora, fauna og berekraftige aktivitetar og tilbod i samfunnet.
Mål	Folgefonna nasjonalpark og landskapsvernområda rundt gjer auka verdiskaping til landbruksnæringa.
Strategi	Utvikla fleire berekraftige tilbod i og rundt Folgefonna nasjonalpark retta mot besøkjande til Kvinnherad. Bruka den unytta attraksjonskrafta og den merkevara som Folgefonna nasjonalpark er til lokal verdiskaping. Styrka samarbeidet med Besøksenter Folgefonna nasjonalpark, dei andre Folgefonnkommunane og Miljødirektoratet.

Inn på tunet

Inn på tunet er tilrettelagte og kvalitetssikra velferdstenester på gardsbruk. Tenestene skal gje meistring, utvikling og trivsel.

Gardsmiljøet opnar for mange moglege aktivitetar. Stell av dyr og planter, drift av skogen, pleie av kulturlandskapet, vedlikehald av maskinar og bygningsmasse dannar aktivitetsgrunnlaget for Inn på tunet (IPT). Målsettinga med IPT er å bidra positivt til helse, utvikling og trivsel for den enkelte brukar.

Tilboda bygger på samarbeid med oppvekst-, utdannings-, helse-, eller sosialektoren, og omfattar aktivitetar med utgangspunkt i både garden og bonden sine ressursar.

I Kvinnherad har vi hatt ulike tilbod knytt til gardsbruk i mange år, men det første formaliserte tilbodet innafor konseptet Grønt Samarbeid (seinare kalla « Inn på tunet») starta i 1999 innan psykisk helsevern. Det er eit stort potensiale i Kvinnherad til å utvikle nye tilbod innan Inn på Tunet.

Juletre og pyntegrønt

Produksjonen er redusert dei seinare åra. Det kan vera potensiale for å auka denne att.

Kraftproduksjon

Vasskraft: Vi har i dag meir enn 24 små og store vasskraftverk i kommunen. Mange av dei er knytt til landbrukseigedomar. Det der eit potensiale for utviding og bygging av nye.

Vindkraft: Det er ingen vindmøller i kommunen i dag. Det har vore på høyring ei nasjonal ramme for vindkraftverk der deler av Kvinnherad vart foreslege som egna for etablering av vindkraft. Kvinnherad kommunestyre sa nei til å innlemme kommunen i den nasjonale planen.

Hydrogen: Det blir no gjort undersøkingar i for å vurdere om det kan være aktuelt å produsera hydrogen her i kommunen.

Biogass: Det er ein gass som blir produsert gjennom anaerob (utan lufttilgang) nedbryting av organisk materiale. Det er i dag ein nasjonal målsetjing om energiomlegging til meir miljøvenlege og fornybare ressursar.

Landbruket i Kvinnherad har store mengder husdyrgjødsel som dannar godt grunnlag for slik produksjon. Slik produksjon kan og redusera luktplager, betra gjødselkvaliteten og danna grunnlag for meir miljøvenleg spreining av husdyrgjødsel. Det blir for tida arbeid for å finna ut om det er grunnlag for å etablere eit slikt anlegg i Kvinnherad. Kommunen har løyvd midlar til forprosjektet.

Solenergi: Landbruket vil, som alle andre sektorar, elektrifiserast meir og meir. Solceller på landbruksbygg er ei unytta energikjelde som kan redusera straumutgiftene. Landbruksbygningar har store takflater som kan nyttast til dette og fleire energiselskap støttar slike tiltak.

Bygg og anleggsverksemd

Det er for tida stor aktivitet i bygg- og anleggsbransjen. Maskinparken og personar knytt til landbruksnæringa skapar inntekter i dag, eit potensiale som kan utnyttast meir.

Praktisk erfaring, lokal kunnskap og nærleik til område der tiltak skal gjennomførast kan gi konkurranseføremoner.

Sand og pukk og mineral

Det er fleire område i kommunen med førekomstar av grus og sand. Grunneigarar kan drive ut sjølve eller få leigeinntekter på førekomsten.

Gruveselskapet Nordic Mining har rett til å ta ut kvarts i Svoldal. Det er teke prøvar av førekomsten som syner at denne kvartsen er svært rein og dermed kan nyttast til produksjon av t.d. mobiltelefonar og solceller.

Tang og tareproduksjon

Tang og tare er ein lite utnyttta ressursar i Norge, men det er stort potensiale for å utnyttta råstoffa. Dei kan nyttast til mat, fôr,

kjemikalier, helsekostprodukt, medisin, kjelde for vitaminar og mineralar og drivstoff.

Lakseoppdrett representerer dessutan eit høve for gjødsling av tareanlegg. Ved å samlokalisera tareanlegg med fiskeoppdrettsanlegg (Integrert multitrofisk akvakultur; IMTA) kan ein nytte nærings salt som blir sleppt ut frå desse anlegga til auka tareproduksjon. Denne ressursen går i dag rett i havet.

Det er fleire aktørar i kommunen som har planar om å produsera tang og tare. Det er eit potensiale for å utnytte ressursar i fjæra og i havet.

Bygdemobilisering

LivOGLyst er eit program og nettverk for deg som ønskjer å vidareutvikle lokalsamfunnet ditt. LivOGLyst er ei satsing der menneske, næringsliv, organisasjonar og kommunar samhandlar.

Det er eit samarbeid mellom partnerskapen Innovasjon, Fylkesmannen i Vestland og Vestland Fylkeskommune, Fjelberg Bygdalag, Åkra Bygdalag og Sunde Kyst og litteratursenter har vore/er involvert i Liv og Lystprosjekt. Prosjektet har hatt ulike vinklingar på arbeidet. Deltakinga har bidrege til aktivitet og engasjement i lokalsamfunna. Kvinnherad kommune bør bidra til at fleire av bygdene tek del i prosjektet.



Kronhjort – foto: Ole Jakob Vorraa

8 Viltforvaltning

Vald-samansetjing

Den private jaktorganiseringa i Kvinnherad er i 2019 organisert i 88 jaktvald for hjort og 24 vald som har søkt om løyve på rådyr. Totalt er det godkjent 539 892 dekar teljande areal for hjort.

Målsettinga har vore at all hjorteforvaltninga skal skje gjennom godkjente bestandsplanar og eit planområde bør vera så stort at det omfattar leveområdet for hjorten gjennom heile året. Det store merkeprosjektet for hjort, Hordahjort, fekk gjennom ei rekke møter med grunneigarar og jegerar skissert opp aktuelle årsleveområder for hjort i heile Hordaland og nord til Sognefjorden.

Det er no godkjent tre årsleveområder som er aktuelle for vald i Kvinnherad.

Folgefonnhalvøya tar med vestsida av Maurangerfjorden. *Søre Kvinnherad og Åkrafjorden* omfattar austsida av Maurangerfjorden og Hardangerfjorden, øyane til og med Borgundøy og nordsida av Åkrafjorden til Fjæra. *Ølve, Hatlestrand og Varaldsøy* blir fanga opp av *Ytre Hardangerfjord Vest* bestandsplanområde som har slik avgrensing: Vestsida av Fykkesundet inn til Botn og vidare til Voss grense i fjellet. Følgjer så kommunegrensa mellom Kvam og

Voss/Samnanger til den avvik og går langs Tyssevassdraget langs hensiktsmessige valdgrensar i området og til Bjørnefjorden ved Tysse. Følgjer så fjorden ut til Lukksund, sørover og inn Hardangerfjorden medrekna Varaldsøy, til Fykkesundet att.

Totalt er det no 39 jaktvald i Kvinnherad som har meldt seg inn som medlem i eit godkjent bestandsplanområde. Målet må vera at flest mogeleg jaktvald sluttar seg til for såleis å vera med på å utvikla hjortestamma så godt som råd er.


Trafikkskade

Det har vore ein auke i påkjørslar av hjortevilt på vegane i Kvinnherad dei siste åra. Gjennom året 2018 er det registrert 62 påkjørslar og det har ført til ein avgang på åtte rådyr og 23 hjort

Vektutvikling


Målsettinga for hjorteforvaltninga i Kvinnherad har vore å auka gjennomsnitts- vektene på felte dyr. Tendensen dei siste åra har vist ein liten auke frå lågaste vektar i 2011. Åringsbukk hadde i 1991 ei snittvekt på 53 kg, og åringskulle var 47 kg og i 2011 var vekta på hannar nede i 42 kg og snittvekta på ungdokker var 37 kg.

Utvikling i slaktevekt på hjort i Kvinnherad



Figur 25 – Utvikling i slaktevekt på hjort i Kvinnherad 1992-2018. Kjelde: ...

Resultat jakta 2018



Figur 26 – Resultat av hjortejakta 2018 i Kvinnherad. Kjelde: Hjorteviltregisteret

	Bukkekalv	Kollekalv	Åringsbukk	Åringskolle	Eldre bukk	Eldre kolle	Sum
Felte dyr	193	164	216	171	213	240	1197
Fordeling %	16,1	13,7	18	14,3	17,8	20,1	82,3
Snitt vekt kg	25	23	42	38	69	51	
Total kg	4 825	3 772	9 072	6 498	14 697		51 104
Snittvekt- 91	29	28	53	47	81	58	
Ekstra ved 91-vekter	+772	+820	+2 376	+1 539	+2 556	+1 680	+9 743

Figur 27 – Oversyn over felte dyr 2018 Kjelde: Hjorteviltregisteret

Om ein brukar fellingsresultatet frå 2018 og samanliknar med snittvektene som dyra hadde i 1991, kan ein sjå at med dei vektene ville det gjeve 9743 kg meir i kjøttutbyte.

Dette viser at det er mykje å henta ut med å forbetra samansetjinga og kvaliteten i hjortestamma.

Grågås

Det er eit aukande problem med beiteskader frå grågås og kanadagås i Kvinnherad, spesielt i den sørlege delen av kommunen. Det er jakt på grågås/kanadagås i perioden 10.08 - 23.12. Kommunen kan gi løyve til felling av viltarter når gåsa gjer skade etter «Forskrift om felling av skadegjørende vilt».

Dei siste åra har det i nokre tilfelle blitt gjeve løyve til felling av grågås som gjorde skade på innmark.

Viltforvaltning

Utviklingstrekk	Hjortebestanden har auka i dei siste åra og med dette hjorteskade i skogen, avlingskade og påkøyrslar av hjortevilt på vegane i Kvinnherad.
Mål	Redusera hjortebestanden og auka gjennomsnitt vektene på felte dyr Redusera tal på grågås og kanadagås.
Strategi	Justera minstearealet for å få færre og sterkare dyr og vera med i prosjektplan "Frikalv" Stimulera til auka jakt på grågås og kanadagås i jakttida.

9 Ringverknadar av landbruksnæringa i Kvinnherad

Til landbruksnæringa i Kvinnherad er det knytt mange tenesteområde, mellom anna Landbrukstenester Folgefonna med avløyssarordninga, Norsk Landbruksrådgiving, transportfirma, veterinærtenesta, osv.

Det blir rekna at kvart årsverk i landbruket gjev grunnlag for mange andre arbeidsplassar m.a. i tenesteytande næringar. Landbruket er ei stor og viktig næring i kommunen. Pr i dag har vi 241 årsverk (NIBIO-rapport, nr. 174, 2018) direkte knytt til landbruket fordelt på mange bruk.

Personar knytt til landbruksnæringa er i mange høve fleksibel arbeidskraft med allsidig kompetanse og utstyr.

Landbruket har ei viktig rolle med omsyn til arbeidsfolk og tilgang på utstyr som kan nyttast i krisesituasjonar.

I Hordaland er verdiskaping per årsverk i jordbruket, målt som bruttoprodukt per årsverk, berekna til kr 318 000 per årsverk NIBIO-rapport, nr. 174, 2018

Landbruket i kommunen er i høgste grad med på å sikre busetnad i bygdene. Det er som kjent vanskeleg å flytte gardsbruk. Denne aktiviteten er med å oppretthalda etterspurnad etter varer og tenester kring om i kommunen.

10. Matvaretryggleik i framtida

Stortingsmelding nr 11(Kjelde 1 S 2017-2018) om Målstruktur landbruksområdet. Tema i denne meldinga er: Auka matvareberdeskap og sikre forbrukarane trygg mat. Satse på avl, forskning og utdanning for å auka bruken av dei økologiske ressursane.

Dyrka mark er utgangspunkt for all produksjon av mat i Noreg. Totalt er 3 % av landarealet i Noreg dyrka mark. Delen dyrka mark blir stadig redusert, fordi god dyrka jord blir

omdisponert til anna føremål enn produksjon av mat.

I Kvinnherad blir mest all dyrka jord nytta til produksjon av dyrefor, det blir ikkje dyrka korn, potet eller andre grønnsaker her i vesentleg grad. Frukt- og bærproduksjonen har teke seg opp dei seinare åra.

Beite og bruk av utmarksressursar

Kvinnherad har store fjellområder, noko som gjev god tilgang på beite til husdyra. På fjellbeite er det mest vanleg med sau, medan mykje beite i dalane og liene nærare bygdene blir nytta av storfe. Det er mange ulike beitelag rundt i kommunen, og beitene blir nytta i stor grad.

Hovudproduksjon i Kvinnherad

I Kvinnherad er det grasproduksjon som er den mest vesentleg produksjonen innanfor jordbruket. Graset blir foredla gjennom storfe, geit og sau til kjøt og mjølk.

Det er i svært liten grad annan produksjon enn foredling basert på gras i kommunen. Ein del

dyrkar for sal, medan andre som ikkje sjølv har dyr, leiger bort jorda.

Miljø-utfordringar

Regjeringa vedtok i juli 2016 Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021 som gjev ei fyldig innsikt i arbeidet. Denne planen skal leggast til grunn for alle tiltak og all planlegging i kommunen.

Kommunen er ansvarleg mynde for tiltak som gjeld landbruket og skal gjera vedtak etter relevante lovar. Tiltaka skal setjast i gong innan 3 år etter at planen er godkjent. Kvinnherad høyrer til Vassområde Sunnhordland.

10. Matvaretryggleik i framtida	
Utviklingstrekk	I dag blir det produsert mest mjølk og kjøt. Det er få verksemder som driv med vidareforedling i kommunen, lite grønsakproduksjon og noko fruktproduksjon. Marknaden er aukande for lokal mat
Mål	Utvida matvaresortimentet som blir produsert lokalt og produsera rein mat. Grønsakproduksjon i Kvinnherad bør vurderast i større grad
Strategi	Leggja til rette for og stimulera til å oppretthalda eksisterande matproduksjon og stimulera til nye produkt. Nye trendar i matforbruket må leggast vekt på. Landbruket har som mål å produsera det som forbrukaren til ei kvar tid vil ha. Hovudoppgåva til jordbruket er å produsere mat som forbrukarane vil ha.

Vassforvaltingsplan med tiltaksprogram

Vassforskrifta skal vera førande for forvaltinga av vassførekomstane våre. Vassforskrifta § 4 slår fast at tilstanden i overflatevatn skal beskyttast og skal forbetrast der det trengst for å nå miljømåla for økologisk og kjemisk god tilstand.

Miljøutfordring: Stadar der det er aktivt landbruksområde i nærleiken til vassførekomstar kan det vera fare for at miljømålet ikkje blir oppnådd på grunn av fare for nærings saltavrenning.

Miljømål og tiltak for Kvinnherad kommune sine vassførekomstar sjå: <https://vann-nett.no/portal/#/area/1224/MunicipalityID>

10.	<u>Miljøutfordringar</u>
Utviklingstrekk	Betere tilhøve, meir fokus og strengare krav for å unngå ureining
Mål	Hindre ureining frå landbruket
Strategi	Driva klimasmart landbruk og satsa på auka økologisk produksjon. Tiltak som gjer det mulig å driva jordbruk slik at miljømåla blir nådd. Døme kan vera ny teknologi (nedmolding bl.a) som gjer at det blir mindre risiko for avrenning av næringsstoff.

11. Produksjonsgrunnlag/jordvern

Aktuelle rundskriv:

M- 3/02 Prisar på landbrukseigedommar ved konsesjon. Endring M -4/2004 og M -1/2010

M- 5/03 Om konsesjonslova

M-2/2009 Konsesjon og buplikt –siste endra nov 2012 og i 2017

M -1/13 Omdisponering og deling – Lov om jord (jordlova) 12.mai 1995 nr 23 §§ 9 og 12 (Oppdatert november 2016)

M-2/17 Driveplikta etter jordlova

M -3/2017 Konsesjon, priskontroll og buplikt.

11.1 Prioriterte innsatsområder og tiltak

For å få satsing på jordbruksdrift og optimal drift av dei verdifulle jordbruksareala, er det viktig at kommunen vernar om produksjonsgrunnlaget. Det er eit mål at ved arealplanlegging og ved handsaming av einskildsaker, skal det leggjast vekt på å styrkja jordvernet og betra føreseielegheita for jordbruket sin trong for produksjonsareal. Kommunen bør fastsetja prioriterte innsatsområde for å nå måla.

Planstrategien for Kvinnherad kommune vart vedteken av kommunestyret 26.05.2016. Ei av dei prioriterte planoppgåvene i planstrategien er rullering av kommunedelplanen for landbruk.

Bruk av føresegner og retningsliner til kommuneplanen sin arealdel kan gi betre

føreseielegheit om framtidig arealbruk.

Føresegnene er juridisk bindande, medan retningslinene berre er rettleiande. I kommuneplanen sin arealdel kan ein gjere synleg ei langsiktig avgrensing av tettstadane mot dei areala som er viktige landbruksareal.

Gjennom bruk av omsynssoner etter pbl. § 11-8 c, kan det i kommuneplanen sin arealdel setjast av område der særskilde omsyn gjer seg gjeldande, til dømes omsyn til jordvernet. Det kan knytast retningsliner til omsynssonene. Pbl. § 11-18 gir heimel til å innføre bindingstid for arealbruken i visse område.

11.2 Produksjonsgrunnlaget

Jordbruksareal som er utsett for utbyggingspress, blir ofte dårlegare drive, då eigaren ikkje finn at investeringar i jorda blir lønsame. Jordbruksareal som er dårleg drive, kan bli enklare å få bygd ut til andre føremål enn jordbruk.

11.3 Delings- og dispensasjonssaker

Delings- og dispensasjonssaker krev vurdering etter jordlova og plan- og bygningslova. Dei vanlegaste sakstypene er frådeling av tomt til bustad- og fritidsføremål. Vidare er det mange søknadar om frådeling av kårustader og andre bygningar.

Frådeling av gardstun med høveleg tomt har blitt godkjent når resten av bruket blir selt

11.4 Jordvern

Kvifor jordvern?

Ved bruk av reguleringsføresegner, kan ein sikra at matjordlaget som må fjernast i samband med utbyggingssaker, blir teke vare på. Det kan då framleis bli nytta til jordbruksproduksjon.

Overskotsmassar som er rein, kan nyttast på areal som skal dyrkast opp, dyrka areal som har tynt matjordlag eller på andre område der det er trong for å heva nivået t.d. for å unngå flaum. Slike tiltak inneber at aktuelle mottaksareal må kartleggjast. Det må greiast ut kva verknader tiltaket vil gi. Tiltakshavar og mottakar finn aktuelle areal og sørgjer for at naudsynte løyver ligg føre. Flytting av jord kan føra med seg betydelig transport med dei ulemper og kostnader det kan medføre. Fruktbar matjord er et økosystem som det ikkje er lett å skapa. Det tek lang tid før ein

Tiltak Produksjonsgrunnlag

Det er viktig å ta omsyn til jordvern og arealbruk i kommunale planprosessar

- Nydyrking og grøfting
- Klimasmart landbruk – god agronomi
- Buplikt

som tilleggsareal til andre landbrukseigedomar i nærleiken. Det har i slike saker blitt gitt dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel. Det er lagt til grunn at rasjonaliseringsgevinsten har oppfylt krava i plan- og bygningslova med omsyn til dispensasjon. Måla innan nasjonal jordvern- og landbrukspolitikkk kan vere utfordrande å forhalda seg til

oppnår same avlingsnivået som før flytting. Det er derfor viktig at denne moglegheita ikkje fører til at det blir enklare å få omdisponert jordbruksareal til andre føremål.

Jordvern er viktig for å bevare jorda for framtida og dårlegare tider. Mange stader i verda ser vi at tørke og andre naturkatastrofar kan sette store matproduserande område ut av drift. Det gjer at dei forventede klimaendringane og folkesetnadsutvikling globalt, vil kunna endra matsituasjonen over tid. All dyrkbar jord bør haldast i ein slik stand at jorda innan kort tid kan nyttast til matvareproduksjon att.

Jordbruksareal er ofte den billegaste byggjegrunden. For å unngå eller minimere nedbygginga av jordbruksareal, har innføring av avgift blitt lansert som eit tiltak.

Kolonne1	Kolonne2	Kolonne3	Kolonne4	Kolonne5	Kolonne6
Nøkkeltall	Enhet	Kvinnherad			
		2015	2016	2017	2018
Landbruksseidommer (antall)	antall	1 035	1 045	1 045	1 045
Jordbruksbedrifter (antall)	antall	246	242	235	232
Jordbruksareal i drift (dekar)	dekar	39 397	39 831	40 504	40 418
Produktivt skogareal (dekar)	dekar	253 184	249 942	249 942	233 663
Dyrka og dyrkbar jord omdisponert til andre formål enn landbruk (dekar)	dekar	9	30	16	41
Omdisponering av dyrka jord til andre formål enn landbruk (dekar)	dekar	5	3	8	2
Omdisponering av dyrkbar jord til andre formål enn landbruk (dekar)	dekar	4	27	8	39
Godkjent nydyrka areal (dekar)	dekar	108	42	229	140
Søknader i alt etter jord- og konsesjonslov (antall)	antall	48	53	43	55

Figur 28 – Nøkkeltal for arealbruk i Kvinnherad. 2015-2018. Kjelde: SSB.no

Vern om jordbruket sitt kulturlandskapet er viktig i samband med jordvernet. I Kvinnherad har vi store område med velstelt kulturlandskap, men nokre område skil seg ut i nasjonal samanheng.

Rekkjetunet på Eikenes, Gjuvslandslia og gruveområder på Varaldsøy, Klosteret på Halsnøy, Baroniet og området kring i Rosendal og fleire gruveområde og hellebrot på Ølve, Hatlestrand og Varaldsøy. Desse områda kan bli merka i kommuneplan som viktige kulturlandskap.

11.5 Oppfølging av driveplikt

Det er viktig at jordbruksareal i størst mogleg grad blir drive slik jordlova § 8 slår fast.

Rundskriv M-2/2017 gir retningsliner for oppfølging av driveplikta.

11.5. <u>Oppfølging av driveplikt</u>	
Utviklingstrekk	Små og bratte teigar som ikkje kan drivast med maskinar har gått ut av drift. Anna areal er i stor grad halde i hevd.
Mål	At dyrka jorda blir halden i hevd slik lova seier, for å sikre matvaretryggleiken og halde kulturlandskapet i hevd.
Strategi	Bruke tilgjengelige kjelder til å avdekke brot på driveplikta og følgje opp slike tilhøve etter gjeldande retningsliner.

11.6 Nydyrking

Nedbygging av jordbruksareal og attgroing, saman med målet om auka matproduksjon, gjer det aktuelt å finne dyrkbare areal som kan kompensere for nedgongen. Det er ei utfordring å finne areal som kan nydyrkast

mellom anna grunna fokus på biologisk mangfald, rasfare og erosjonsfare. God tilgang på plantenæringsstoff saman med betre maskinar for fjerning eller knusing av røter og stein, tilseier at det teknisk sett er betre høve

for nydyrking no enn tidligare. Samstundes har nydyrkingskostnadane auka i høve til inntektstilhøve i jordbruket som påverkar lønsemda med nydyrking.

I NIBIO sitt gardskart er potensiell dyrkbar jord registrert. Denne registreringa er ei grovkartlegging. Gjennom analyse vil ein

kunne kartfeste meir detaljert eigna areal. Det må strekast under at dei beste areala allereie er oppdyrka og at nydyrkingsareal kvalitetsmessig ikkje utan vidare kan kompensere omdisponert areal. **Sjå òg kap. 5.9.**

11.7 Matproduksjon - prioriterte innsatsområde og tiltak

Målet for matproduksjonen er at Kvinnherad aukar sin relative del av nasjonal matproduksjon med ein årleg vekst i samla matproduksjon på minimum 1,5 % pr år. Minimum 50 % av veksten i landbruksproduksjonen skal vera basert på lokale råvarer og ressursar. Det er òg eit mål at verdiskapinga aukar tilsvarande. Dette

betyr at ein må ha høgare avling pr. arealeining, auka avdrått og betre pris gjennom betre kvalitetsklassifisering på produkta.

Kommunen kan bidra med lokale tiltak for auka matproduksjon og fastsetje prioriterte lokale innsatsområder.

11.7. <u>Matproduksjon - prioriterte innsatsområder</u>	
Utviklingstrekk	På landsbasis er sjølvforsyningsgraden på veg ned. Dette gjeld ikkje i same grad for Kvinnherad.
Mål	Auka matproduksjon og mattryggleik. Større mangfald av produksjonar.
Strategi	Fanga opp trendar og tilpassa produksjonen til dei lokale klimatilhøva.

11.8 Utvikla og forbetra drift av jordbruksareala

Når matproduksjonen skal aukast, vil eit viktig fokus vera å betre produksjonen i dag.

Undersøkingar visar at det er store skilnadar i lønsemda på samanliknbare gardsbruk (NILF-rapport 2004-2, melkebruk). Jord i drift må drivast betre for å få høgare avlingar, all jord må drivast og jorda må vera i god stand.

For å få høgare avlingar, er: rett gjødsling, rett plantevern tiltak, rett drenering og disponering av overflatevatn, god agronomi som fremjar regenerering av matjorda og vekstskifte viktige faktorar.

Regenerativt landbruk er eit uttrykk eller ein

driftsmetode som det er ein del fokus på for tida. Regenerativt landbruk er landbruk der jordvern, matjordbygging, karbonlagring og auka jordvitalitet i jord er viktige mål. Det kan føra til auka avlingar med høgare næringsinnhald. Ein brukar nye driftsmetodar for å få dette til.

Regenerativt landbruk kan vera aktuelt både for konvensjonelle og økologiske bønder. I Kvinnherad må vi i framtida auke kunnskapen om dette for å finne ut om eller korleis ein skal satse på dette.

NLR kan bidra til kunnskapsauke for denne driftsmetoden.

11.9 Klimasmart Landbruk

Miljø og klima

Føremålet med landbruksproduksjon er å nytta naturgrunnlaget til å forsyne menneska med mat, trelast og andre produkt. På vegen til ferdig produkt, er det ofte mange steg, og i alle stega blir det sett inn ressursar. Langs denne krokete vegen, blir det liggande att nokre uheldige restar av landbruksproduksjonen. Døme på slike tiltak er:

- Avrenning av næringsstoff
- Erosjon
- Bruk av energi
- Plantevernmiddel
- Medisinbruk
- Silopressaft
- Klimagassutslepp

Miljøtiltak

Det er i dag eit lovmessig krav om:

- Gjødslingsplan
- Autorisert bruk av plantevernmiddel.
- Miljørett bruk av husdyrgjødsel og silopressaft

Forskrift om produksjonstilskot føreset at gardbrukarar oppfyller desse krava, og kommunen fører tilsyn i samband med søknadar om produksjonstilskot.

Landbruksnæringa har i tillegg innført omfattande kontrollrutinar, gjennom ordninga KSL (kvalitetssikring i landbruket) og MIS (miljø i skogbruket). Dette inneber omfattande internkontroll for mellom anna å sikra miljøet. Planane blir jamleg reviderte av eksterne revisorar.

Bruk av husdyrgjødsel og silopressaft er regulert gjennom forskrift om organisk gjødsel. Forskrifta seier mellom anna at det berre er tillate å spreie husdyrgjødsel på grasmark mellom 15. februar og 1. september. Kommunen kan gje dispensasjon etter søknad. Kommunen har høve til å utarbeida lokal forskrift med utvida frist for spreieing. Sjå kap. 5.7.

Karbonbinding

Det er store lager av karbon i langvarig eng. Det gjer at karbonbinding i vestlandsk landbruk er betydeleg betre enn i korndistrikta, der ein har tært på jordsmonna i lengre tid.

Kortreist mat

Lokalproduserte varer som vert omsett lokalt gjer er positivt for næringsutvikling og gjer eit godt bidrag i klimarekneskapen.

11.9. Klimasmart Landbruk	
Utviklingstrekk	Aukande fokus på klima og ureining.
Mål	Driva klimasmart landbruk og unngå skadar på jorda.
Strategi	Auka skogareal, redusera avrenning og bruk av plantevern

12. Retningslinjer for Kvinnherad kommune

Landbruket er regulert av statlege retningslinjer og føresegner. Kommunen legg føringar for ønska utvikling. Dei må ikkje vera i strid med lovar og reglar.

- Der dyrka mark blir omdisponert til andre føremål, bør det leggjast til rette for å dyrka opp nytt areal.
- Det bør stå i føresegnene til kommuneplanen sin arealdel og

12.1 Politiske føringar

Stortingsmelding nr. 9 (2011-2012) Landbruks- og matpolitikken, eller *Velkommen til bords* som den òg er kalla, vart debattert og vedteken utan store endringar, i Stortinget 12.04.2012.

I høve til bruksstruktur og arealbruk er det sterkt fokus på vern av dyrka jord. I kapittel 1.4.1 står det: "For å nå målet om auka matproduksjon og eit meir klimavennlig jordbruk, må arealressursane vernast gjennom å hindre nedbygging og attgroing av dyrka og dyrkbar matjord, kvaliteten på jorda blir betra, arealproduktiviteten blir auka og det må fortsatt dyrkast ny jord."

- Det skal vera eit sterkt vern om areal som har den beste produksjonsevna innan jordbruk og skogbruk.
- Konesjonslova og føresegn om bu- og driveplikt skal brukast aktivt for at drivverdige bruk blir oppretthaldne og for å oppnå gode løysingar for dei som har behov for å eiga eller leiga jord. Det skal stimulerast til at eigarar på bruk som er


reguleringsplanane: Ved all utbygging på dyrka mark skal matjorda takast vare på og nyttast til matproduksjon.

- Sameige av landbrukseigedomar er ei uheldig eigarform og Forvaltningsutvalet skal så langt dei kan bidra til å unngå at sameige vert etablert i samband med konsesjonshandsaming.

lagt ned, skal selja jorda til aktive brukarar. Ved handsaming av konsesjonssøknadar, skal det leggjast størst vekt på driveplikt. Jorda bør leigast ut på langsiktige avtalar (10 år).

Driveplikta omfattar òg areal som er eigna til utmarksbeite. Kvinnherad kommune innførte buplikt på mindre landbrukseigedomar med meir enn 20 dekar fulldyrka jord /overflatedyrka jord i 2019.

- Auka busetnad kan sikra det sosiale miljøet og infrastrukturen i landbruksområda.
- Ved handsaming av søknadar om regulering og frådeling av tomter til fritidsføremål, skal det leggjast vekt på å få avtalefesta hytteeigar sine rettar og plikter i høve til omkringinggjande landbruksareal og fjellområda.
- Kommunal planstrategi bør følgjast opp, slik at primærnæringa sine ønske og behov for arealbruk blir ivaretekne.



Maurangerfjorden, Foto: Espen Haagensen





13. Folkehelse

Arbeid med folkehelse bør ha ei heilskapleg tilnærming. I eit folkehelseperspektiv landbruket i Kvinnherad sjå til utfordringsbilete, årsaksforhold og konsekvensar, vel så mykje som den førebyggjande sida.

Både folkehelselov, folkehelseoversikt, kommuneplanen sin samfunnsdel og andre kommunale planar vedkjem landbruket i

Kvinnherad. På ein folkeleg måte talar ein ofte om å la det *vera folkehelse i alt ein gjer*.

Når ein knyter FN sine berekraftmål til folkehelseindikatorar, kan ein sjå status og utvikling samanlikna med nytt Vestland fylke. Landbruket i Kvinnherad vil kunna påverke og bli påverka av indikatorane i ulik grad (sjå figur).

		ØKONOMI		Vestland		Kvinnherad	
				Tid	Sml	Tid	Sml
8: Anstedig arbeid og økonomisk vekst 9: Innovasjon og infrastruktur 10: Mindre ulikheit 12: Ansvarleg forbruk og produksjon		Del av befolkninga som er yrkesaktiv alder		↘		↘	
		Del av befolkninga som er sysselsett		↘		↘	
		Del uføre		→		↘	
		Bruttoprodukt i ulike næringar		↗		↗	
		Sentralitetsindeks		•		•	
		Del av verksemder med FoU		↗		→	
		FoU-årsverk i næringslivet		↗		↗	
		Nyetablering av føretak		↗		↗	
		Hushaldsavfall per innbyggjar		↘		↘	
		Del hushaldsavfall til attvinning		↗		↗	
		SAMFUNN		Vestland		Kvinnherad	
				Tid	Sml	Tid	Sml
1: Utrydde fattigdom 2: Utrydde svalt 3: God helse 4: God utdanning 5: Likestilling mellom kjønna 11: Berekraftige byar og samfunn 16: Fred og rettferd		Fattigdomsrisiko		↘		↘	
		Ulikheit i inntekt		↘		↘	
		Omdisponering av dyrka og dyrkbar mark		↗		↘	
		Forventa levealder		↗		↗	
		Legemeldt sjukefråvær		↗		↗	
		Del overvektige		↘		↘	
		Psykiske lidingar		↘		↘	
		Del med høgare utdanning		↗		↗	
		Del med utdanning på fagskulenivå		↗		→	
		Resultat frå nasjonale prøver		→		↗	
		Gjennomføringsgrad på vidaregåande skular		↗		↗	
		Fråfall i vgs: Forskjell på kvinner og menn		↘		↘	
		Deltidararbeid blant sysselsette kvinner og menn		↗		↗	
		Farspermisjon		↗		↗	
		Del kvinner i kommunestyrer		↗		↗	
		Innvandrarar og andre si deltaking i arbeidsliv eller utdanning		↘		↘	
		Differanse i inntektsnivå blant innvandrarar og andre		↘		↗	
		Lokal luftforureining		↗		•	
		Tilgang på rekreasjonsareal		↗		↘	
		Tilgang på nærturterreng		↘		↘	
		Trangbuddheit		↗		↘	
		Kvadratmeterpris einbustad		↘		↗	
		Kvadratmeterpris blokkleilegheit		↘		•	
		Drepte og alvorleg skadde i trafikken		↗		↘	
		Valdeltaking, kommunestyreval		↘		↘	
Valdeltaking, stortingsval		↗		↘			
Anmeldte lovbrøt, alle typar		↗		↗			
Anmeldte lovbrøt, vald og mishandling		↗		↘			
8: Anstedig arbeid og økonomisk vekst 9: Innovasjon og infrastruktur 10: Mindre ulikheit		Tilgang på nærturterreng		↘		↘	
		Trangbuddheit		↗		↘	
		Kvadratmeterpris einbustad		↘		↗	
		Kvadratmeterpris blokkleilegheit		↘		•	
		Drepte og alvorleg skadde i trafikken		↗		↘	
		Valdeltaking, kommunestyreval		↘		↘	
		Valdeltaking, stortingsval		↗		↘	
		BIOSFÆRE		Vestland		Kvinnherad	
				Tid	Sml	Tid	Sml
6: Reint vatn og gode sanitærforhold 13: Stoppe klimaendringane 14: Liv under vatn 15: Liv på land		Vasskvalitet		↗		↗	
		Geografisk klimagassutslepp		↘		↘	
		Klimafotavtrykk kommunal verksemd		•		•	
		Del el-bilar		↗		↗	
		Passasjerkm med buss/bane per innbyggjar		↗		•	
		Utslepp fosfor		↗		•	
Utslepp nitrogen		↗		•			

Figur 29 - Berekraftsindikatorar for Vestland fylke og Kvinnherad kommune. Kjelde; Hordaland fylkeskommune, statistikk i vest

13. Folkehelse – førebyggjande forhold


Utviklings- trekk

Landbruket bidreg til å skapa kulturlandskap for auka bulyst og livskvalitet, både gjennom rydding, beiting, oppdyrking og hausting

Landbruket aukar tilgangen til nærturterreng og rekreasjonsareal med skogsvegar og turstiar. Auka status knytt til produksjon og konsum av lokalprodusert mat.

Mål	Auka merksemda om landbruket som tilretteleggjar for friluftsliv og rekreasjonsområde. Styrka lokale produsentar i evne til sal og distribusjon av varer og tenester.
Strategi	Informasjonsarbeid knytt til ferdsel og bruk av utmark. Synleggjera at traktorveggar, skogsveggar, turveggar og turstiar er viktig infrastruktur for friluftslivet og den eigenorganiserte fysiske aktiviteten til innbyggjarane.

13.	<u>Folkehelse - utfordringsbilette</u>
Utviklings- trekk	1. Einsemd blant bønder 2. Betre kontroll med forureining til ytre miljø. 3. Utdanning og skulegang har auka 4. Psykiske lidingar blant nokre brukarar. Her trengs eit betre kunnskapsgrunnlag! 5. Tilstanden i vassførekomstene har blitt betre.
Mål	Gjere greie for utfordringar kring yrket som vedkjem helsa, og spesielt psykisk helse. Utjamna sosiale forskjellar i helse. God tilstand i alle vassførekomstar.
Strategi	Fremja yrkesgruppa sin status og verknad i lokalsamfunnet. Stimulera til utdanning innan faget og fullføring av utdanningsløp. Støtta opp og leggja til rette for auka merksemd og omtale om bonden som ein globalt ansvarleg matprodusent. Skapa sosiale arenaer for yrkesgruppa. Leggja til rette for inkludering og medverknad. Tiltaksprogram i vassforskrifta, om naudsynt.



Utsikt utover Hardangerfjorden frå fjellet ovanfor Årsnes.

14. Lover og føresegner som gjeld for landbruket

- Jordlova, skoglova, konsesjonslova og plan og bygningslova er viktige lover for landbruket. I tillegg påverkar desse lovane landbruket og forvaltinga.
- Lov om forpaktning
- Lov om naturmangfald.
- Lov om kulturminne
- Naturskadelova
- Forskrift om miljøtilskot i jordbruket for Vestland
- Forureiningsforskrifta
- Forskrift om nærings og miljøtiltak i skogbruket
- Forskrift om berekraftig skogbruk
- Forskrift om skogfond
- Forskrift om planlegging og godkjenning av vegar til landbruksføremål
- Forskrift om felling av skadegjørende vilt
- Viltlova, Laks og innlandsfiskeleva, Friluftsløva og Motorferdselslova.
- Forskrift om rammer for vassforvaltinga (Vassforskrifta)
- Forskrift om midlar til bygdeutvikling – Regionalt BU-program .
- I 2017 vart det gjort vesentlege endringar i eigedomslovgivinga i landbruket.

14.1 Lov om jord (Jordlova)

Lov av 12 mai 1995 nr. 23 om jord.

Føremålsparagrafen i jordlova lyder slik:

” Denne lova har til føremål å leggja tilhøva slik til rette at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til (arealressursane), kan bli brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket.

Arealressursane bør disponerast på ein måte som gir ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på omsynet til busetjing, arbeid og gode løysingar for drifta.

Ein samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå framtidige generasjonar sine behov.

Forvaltinga av arealressursane skal vera miljøforsvarleg og mellom anna ta omsyn til vern om jordsmonnet som produksjonsfaktor og ta vare på areal og kulturlandskap som grunnlag for liv, helse og trivsel for menneske, dyr og planter.”

Andre viktige paragrafar i jordlova er §§ 8, 9 og 12, som omhandlar høvesvis driveplikt, bruk av dyrka og dyrkbar jord og deling.

Frå 01.01.2004 ble vart omdisponerings- og delingssaker overført til kommunane. Bakgrunnen for dette var bl.a. at Landbruksdepartementet ønskte å styrke lokalpolitikken for å sikre busetting i distrikta, verdiskaping og levedyktige samfunn over heile landet, samstundes som andre viktige nasjonale omsyn blir tekne vare på.

Rundskriv M-1/2013 gjer Landbruksdepartementets sitt syn på reglane om omdisponering og deling og kva rammer kommunane har ved handsaming av sakene.

I Stortingsmelding nr. 9 (2011-2012) om landbruks- og matpolitikken er det uttrykt eit ønske om å opna for frådelling av romslege tomter når resten av eigedomen blir seld som tilleggsjord. Målet med dette er å oppnå ei betre harmonisering mellom eigar- og bruksstruktur.

Jordlova § 12. Deling - Deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet. Det same gjeld forpakting, tomtefeste og liknande leige eller bruksrett til del av eigedom når retten er stifta for lengre tid enn 10 år eller ikkje kan seiast opp av eigaren (utleigaren).

14.2 Lov om skogbruk - Skoglova:

Om skogbruk og skogvern frå 1965

Lova har til føremål å fremma ei berekraftig forvaltning av skogressursane i landet med sikte på aktiv lokal og nasjonal verdiskaping, og å sikra det biologiske mangfaldet, omsyn til landskapet, friluftslivet og kulturverdiane i skogen.

Viktige paragrafar i jordlova er:

§ 6.Forynging og stell av skog

Skogeigaren skal sørgja for tilfredsstillande forynging etter hogst, og sjå til at det er samanheng mellom hogstform og metode for forynging. Nødvendige tiltak for å leggje til rette for forynging skal setjast i gang innan 3 år etter at hogsten er skjedd.

14.3 Lov om forpakting frå 1965

Lova gjeld forpakting av eigedom som skal nyttast til landbruk. Ein forpaktingsavtale skal vere skriftleg og leggjast fram for kommunen.

14.4 Jordskiftelova

Dersom utviklinga med kjøp av naboeigedomar som tilleggsjord held fram, blir jordskiftelova eit nyttig verktøy for å oppnå betre arrondering på den einskilde driftseininga.

Med eigedom meiner ein òg rettar som ligg til eigedomen og partar i sameige.

Frå 01.07.2009 ble jordlova § 8 endra slik at driveplikta er evigvarande. Dette gjeld også om ein på det tidspunkt endringa tredde i kraft, hadde oppfylt driveplikta etter gamle reglar.

§ 7.Vegbygging i skog

Bygging og ombygging av vegar til skogbruksføremål kan berre gjennomførast etter løyve frå kommunen.

Planlegging, bygging og ombygging skal skje på ein måte som tek omsyn til viktige miljøverdiar og som sikrar landbruksfaglege heilskapsløysingar. Det skal leggjast vekt på å oppnå eit rasjonelt vegnett, der det også blir teke omsyn til den nytten vegen kan få for anna næringsverksemd knytt til landbrukseigedommane.

§ 14.Innbetaling til skogfond

Skogfond er ei tvungen fondsavsetjing som skal gi skogeigaren eit betre grunnlag for å finansiere tiltak med sikte på ei berekraftig forvaltning av skogressursane.

§ 2 i jordskiftelova nemner ei rekke tiltak som eit jordskifte kan gå ut på, bl.a. forme ut eigedomar på nytt ved ombygging av grunn og rettar. Eit jordskifte kan omfatte eitt eller fleire tiltak, og det kan være nyttig å ha

jordskiftelova i tankane for å skape en tenleg bruksstruktur.

14.5 Plan- og bygningslova

Plan – og bygningslova vart endra med verknad frå 01.07.2009. For arealbruken og landbruket sitt behov, er det viktig å leggja merke til § 10-1, Kommunal planstrategi, som er eit verktøy i plan- og bygningslova.

§10-1 første ledd lyder:

«Kommunestyret skal minst en gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk,

«Garden som ressurs»

«Garden som ressurs» er en rettleiar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Den skisserar korleis saker som gjeld tilleggsnæringar skal handsamast etter plan- og bygningslova, LOV 2008-06-27 nr. 71 (pbl.).

miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

Kommunal planstrategi erstatter det obligatoriske kravet til rullering av kommuneplanen som lå i tidligere plan- og bygningslov. Det er viktig å merke seg at denne gjennomgangen nå skal skje hvert fjerde år og vil være et viktig tidspunkt for å drøfte sikring av landbrukets arealressurser, samt tilrettelegge for ulike former for landbruk og arealbruk tilknyttet landbruk»

Rettleiaren dreier seg om bygge- og anleggstiltak og bruksendringar som det er

ønskje om å gjennomføra i område som er sett av til landbruks-, natur- og friluftsføremål. (LNFR) i kommuneplanens arealdel.

Rettleiaren handlar om kva bygge- og anleggstiltak som går inn i arealføremålet LNFR, om korleis tvilstilfelle bør vurderast, og om korleis ein aktivt kan leggja til rette for tiltak som ikkje er i LNFR.

15. Framtidslandbruket 2050

I ny kommuneplan, Kvinnherad2050, arealdel og samfunnsdel, skal «attraktiv, grøn og frisk»

vere dei raude trådane i arbeidet. Landbruket blir ein viktig brikke i dette.

FNs BÆREKRAFTSMÅL



FN sine bærekraftsmål er verden sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030.

Landbruket er ei særst viktig brikke for å nå desse måla:

Mål 2 Utrydde svolt: "Utrydda svolt, oppnå mattryggleik og bedre ernæring, og fremme bærekraftig landbruk"

Delmål: Innan 2030 sikre at det fins bærekraftige system for matproduksjon, og innføre robuste landbruksmetodar som gir

Kjelde: www.fn.no

auka produktivitet og produksjon, vera med å oppretthalde økosystema, styrke evna til tilpassing til klimaendringar, ekstremver, tørke, flaumar og andre katastrofar, og som gradvis fører til betre jordkvalitet.

Mål 15 LIV PÅ LAND: "Ta vare på, gjenoppretta og fremma bærekraftig bruk av økosystem, sikra bærekraftig skogforvaltning, bekjempe ørkenspreiing, stoppa og reversera forringing av land og å stoppe tap av artsmangfald"

Verna trua artar og hindra at artar dør ut.

Landbruket er ei viktig næring i samband med å nå FN sine bærekraftsmål.

15	<u>Framtidslandbruket 2050</u>
Mål	Kvinnherad - ein grøen kommune med eit friskt næringsliv
Strategi	Leggja til rette for auka kunnskap som er tilpassa endringar i samfunnet. Utnytte føremonene med tilgang på reint vatn, få skadegjerarar, ny teknologi og god kompetanse blant bøndene



Opsangervatnet og Husnes. Foto Jan Rabben

16. Handlingsdel

Handlingsdelen av landbruksplanen er eit oversyn over aktuelle tiltak vi ønskjer å få gjennomført.

Den skal rullerast årleg.

4.4. Veterinærtenesta i Kvinnherad	
Utviklingstrekk	Dyrehelsa i Kvinnherad har blitt enno betre . Det har vore 4-delt vaktordning i mange år. Frå 2013 vart klinisk veterinær vakt lyst ut på anbod. Det er kommunen sitt ansvar å ha veterinær vakt i helger og på kveldstid.
Mål	Oppretthalda kompetansen som fins blant veterinærane i kommunen i dag og gjera tenesta meir robust.
Strategi	Behalda dei to eksisterande kommunale stillingane og opprette ei ny stilling. Ha god dialog med veterinærar og Mattilsynet
Tiltak	Arbeide for ei kommunal veterinærstilling til.
Økonomi	Tilskot til 3 veterinærstillingar utgjer ei årleg utgift for kommunen på kr 450.000.

5.1. Mjølkeproduksjon	
Utviklingstrekk	Utviklinga går mot færre og større einingar og auka avdrått pr. ku/geit. Kvinnheradbøndene leverar mjølk med høg kvalitet.
Mål	Oppfylla mjølkekvotane i størst mogleg grad og halda god kvalitet på produktet.
Strategi	Laga ein investeringsstrategi for mjølkerobotar. Det går mot større bruk. Arbeida aktivt for å oppretthalda produksjonen også på mindre bruk. Stimulera til samarbeid og arbeida for auka investeringstilskot til mindre bruk.
Tiltak	Meir bruk av beite og lokalt fôrgrunnlag Investeringsstrategi for mjølkerobotar

5.2. Kjøttproduksjon	
Utviklingstrekk	Meir spesialisert produksjon. Høgare kvalitetskrav og krav til dyrevelferd.
Mål	Berekraftig kjøttproduksjon i Kvinnherad
Strategi	Ta klimasignal på alvor og tilpassa produksjonen i samsvar med ressursgrunnlaget
Tiltak	Leggja tilhøva til rette for meir bruk av beite og fôring på lokale ressursar

5.4. Økologisk landbruk	
Utviklingstrekk	Det er opplevd stagnasjon og for tida lita interesse for økologisk produksjon
Mål	Auka økologisk produksjon i tråd med nasjonale mål.
Strategi	Etablera økologiske miljø i visse område av kommunen

Tiltak	Temamøte Sikra omsetningsledd for økologiske produkt
---------------	---

5.5.	Drivhusproduksjon
Utviklingstrekk	Tal produsentar er redusert
Mål	Etablere nye produsentar og ta vare på eksisterande produsentar
Strategi	Fokusera på klimavenlege veksthus, stø opp om eksisterande og nye produsentar
Tiltak	Stimulera til nyetableringar Utnytte framtidige tilskotsordningar

5.5.	Frukt og bær
Utviklingstrekk	Aukande interesse og nyetableringar innan fruktproduksjon etter 2017
Mål	Sterk auke i produksjonen av frukt og bær i Kvinnherad
Strategi	Stimulera til etablering av nye fruktområde og bærområde
Tiltak	Temamøte, Inspirasjonsbonde, Demonstrasjonsfelt for frukt og bær Utnytte framtidige tilskotsordningar

5.5.	Birøkt
Utviklingstrekk	Det er aukande interesse for honningproduksjon i Kvinnherad
Mål	Auka produksjon og bidra til å skape produsentmiljø innan produksjon av frukt , bær og birøkt
Strategi	Stimulera til fleire kurs innan honningproduksjon Etablere reinavlsområde for brune bier og oppretta lokalt birøktarlag
Tiltak	Etablere eit birøktarlag i kommunen og arrangere kurs. Etablere honningsentral med slyngerom og liknande. Ta initiativ til samlingar om både frukt, bær og birøkt

5.6.3.	Tilskot til organisert beitebruk
Utviklingstrekk	Tilskotsordninga er i 2019 lagt om og stimulerar no meir til samarbeidstiltak
Mål	Betre utnytting av beiteressursane

Strategi	Samarbeida med beitelaga om utvikling av beitedrifta
Tiltak	Betre utnytting av tilskotsordningane til beitebruk Sviing av beiteområde Stimulera til fellestiltak for tilsyn med dyr og sanking Felleskvier

5.6.4	SMIL (Særskilte miljøtiltak i jordbruket)
Utviklingstrekk	Stor etterspurnad i Kvinnherad etter SMIL-midlar. Reduksjon i overføringane til fylka, men stor aktivitet i Kvinnherad har gjort at vi har klart å halda løyvingsnivået oppe.
Mål	Ta vare på kulturminneverdiane i kulturlandskapet og til å redusera forureining.
Strategi	Få fram gode prosjekt .
Tiltak	Følgje opp kommunal strategi for bruk av SMIL-midlar

5.6.5.	Andre tilskotsordningar
Utviklingstrekk	Statleg tilskot til drenering vart fjerna i ein lang periode og har no kome tilbake. I 2019 vart det og sett av kommunale midlar til grøfting.
Mål	Ta vare på dyrka jord og auka avlingane ved å drenera
Strategi	Utnytte dei statlege ordningane for drenering og eventuelle framtidige tilskotsordningar.
Tiltak	Informera om og utnytta desse tilskotsordningane.

5.6.6.	Kommunale tilskotsordningar:
Utviklingstrekk	Kvinnherad kommune har innført nye tilskotsordningar dei seinare åra. T.d. til grøfting, nydyrking og skogsvegar. Frå før har det vore løyvd frakttilskot til veglause bruk.
Mål	Nytta tilskotsmidlane til auka aktivitet i landbruket.
Strategi	Få fram dei gode prosjekta og oppretthalda ordningane.
Tiltak	Halda fram med å gje tilskot som stimulerer til aktivitet. Vurdera støtte til betre utnytting eller sanering av driftsbygningar som ikkje lengre er i bruk. Auka støtte til Norsk Landbruksrådgiving Vest.

Økonomi	Det er sett av 1 million kroner til grøfting og nydyrking i budsjettet Frakttilskot til veglause gardar og tilskot til skogsvegar Dei seinare åra har det vore løyvd kr. 250.000,- (2019) til skogsvegar. Skotpremie på små rovdyr kr. 32.000,- (2019) Støtte til Norsk Landbruksrådgiving Vest
----------------	---

5.7. Prosjekt	
Utviklingstrekk	Utviklingsmidlar blir meir og meir kanalisert gjennom prosjekt. Kommunale planar blir ofte sett som ein føresetnad or å få tildelt fylkeskommunale og statlege midlar
Mål	Auka aktivitet i næringa gjennom ulike nyttige prosjekt
Strategi	Stø opp under innovatørar og folk med nye idear på ein konstruktiv måte. Følgje med på trendar og finne nye moglege prosjekt. Kvinnherad kommune ønskjer å vera ein aktiv medspelar i framtidige samfunnsnyttige prosjekt
Tiltak	Ta initiativ til/ ta del i nye utviklings- og forskingsprosjekt

5.8. Samfunnskontakt	
Utviklingstrekk	Dette gjer kommunen no: Fagmøte: Aukande aktivitet med ulike temasamlingar. Kommunen sender Velkomstskriv til nye bønder.
Mål	Kvinnherad kommune ønskjer å vera viktig aktør for å skape god utvikling i samfunnet og ta godt vare på tilflyttarar og etablerar.
Strategi	God kontakt med ulike næringar. Ta initiativ til og informere om samlingar og møte
Tiltak	Halde fram med aktiv samfunnskontakt til nytte for innbyggjarar og næringsliv.
Økonomi	Utgifter til fagmøte

5.9.1. Nydyrking og bruk av jordmasser	
Utviklingstrekk	<ul style="list-style-type: none"> - Stor byggeaktivitet fører til mykje overskotsmassar og plasser til å deponera desse. - Auka aktivitet i landbruket fører til trong for nydyrking.
Mål	<ul style="list-style-type: none"> - Leggja til rette for auka nydyrking og ein samfunnsgagnleg bruk av jordressursane i kommunen. - Vera i forkant slik at det er godkjent ulike deponi med ulik bruk i kvar bygd. Deponi for jord, stein og skogsavfall (røter, stubbar mm). Massane må være reine. Dei som leverer må sikre dokumentasjon på at massane ikkje inneheld forureinande stoff .
Strategi	<ul style="list-style-type: none"> - Arbeida inn retningslinjer for bruk av overskotsmassar i kommunalt planverk. Vera aktive med fokus på å nytte statlege midlar til grøfting . Hindra spreiding av svartelista artar, for eksempel parkslirekne. - Lysa ut at grunneigarar som har eigna areal tek kontakt og får areala avklarte.
Tiltak	Frå 2019 vart det løyvd midlar i Kvinnherad kommune til dyrking og grøfting.
Økonomi	Sjå punkt 5.6.6 om kommunale tilskotsordningar

5.9.2.	Beite- og attgroing.
Utviklingstrekk	Landskapet i Kvinnherad er prega av attgroing i nokre område og tregrensa stig.
Mål	Betre utnytting av utmarka og ta vare på det opne landskapet
Strategi	Stimulera til meir bruk av beitedyr
Tiltak	Organisert sviing av beiteområder. Auka bruk av utmarksbeita i kommunen. Nytta tilskotsordninga til organisert beitebruk.

6.2.	Avverking og planting
Utviklingstrekk	God avverking, men for lite planting i høve til avverking av skog. For lite planting gjer at mengda av kulturskogen blir redusert
Mål	Stimulera til nyplanting fordi skogen er viktig både som råstoff for industrien og som klimatiltak.
Strategi	Auka kunnskapen til skogeigarane og gardbrukarane for å finna ein balanse mellom økonomi, naturmangfald og stabilitet i skogen.
Tiltak	Arrangera skogkveldar og skogdagar i samarbeid med skogeigarlaga

6.3.	Hovudplan for skogsveg
Utviklingstrekk	God aktivitet i bygging av landbruksvegar.
Mål	Realisera nybygging av skogsbilvegar for å auka tilgjenge til skogressursane som i dag står langt frå veg.
Strategi	Byggja fleire skogsvegar og nytta kommunale og statlege tilskotsordningar. Få fram samfunnsnyttan frå skogbruket og klimagevinsten eit aktivt skogbruk gjev.
Tiltak	Lokalisera hogstmodne skogar og gje råd til skogeigarar om å planleggja nye skogsvegar.

6.3.	Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)
Utviklingstrekk	Aukande kjennskap til NMSK og fleire søker på ordninga, som har eksistert i mange år.
Mål	Auka verdiskaping i skogbruket og ta vare på miljøverdiar.
Strategi	Fremja ei berekraftig forvaltning av skogressursane.
Tiltak	Justera tilskotsats i høve til lokale prioriteringar

6.3.	Verneskog
Utviklingstrekk	Per i dag er det ingen område med vern skog i Kvinnherad.
Mål	Etablera verneskog i Kvinnherad og finna modellar for drift av verneskog i områda som er utsette for naturfare

Strategi	Kartleggja kva område i Kvinnherad som kan ha funksjon som verneskog.
Tiltak	Innføra meldeplikt for hogst i verneskog – restriksjon på hogst – utarbeida skjøtselplan til verneskog. Føreslå nye verkemiddel for ivaretaking og drift av verneskog
Økonomi	Kommunen kan bidra til å gje erstatning til skogeigarar, ved oppretting av kommunalt tilskot til verneskog.

7.1 Landbruk og reiseliv	
Utviklingstrekk	Aukande interesse for naturbasert reiseliv. Variert reiselivstilbod frå gardsbruk i Kvinnherad, men potensiale til å utvikle nye etterspurde berekraftige tilbod til besøkjande
Mål	Utvikla fleire berekraftige landbrukstilknytte tilbod retta mot besøkjande til Kvinnherad. Etablera fleire tilbod knytt til lokalmat, natur, kultur og aktivitetar.
Strategi	Støtta nye idear med engasjement og kunnskap. Auka fokus på utvikling av tilbod innan lokalmat, servering, overnatting, natur- og kulturbaserte opplevingar. Vera oppdatert på ulike støtteordningar og tilbod til næringa.
Tiltak	Invitera til samlingar innan aktuelle tema for å auka kunnskap, inspirera og leggja til rette for lokalt samarbeid/nettverksbygging. Informere om kurs og tilbod. Arrangera kurs som er etterspurde.

7.2 Landbruk og nasjonalpark	
Utviklingstrekk	Det er aukande interesse for naturen, flora, fauna og berekraftige aktivitetar og tilbod i samfunnet.
Mål	Folgefonna nasjonalpark og landskapsvernområda rundt gjev auka verdiskaping til landbruksnæringa.
Strategi	Utvikla fleire berekraftige tilbod i og rundt Folgefonna nasjonalpark retta mot besøkjande til Kvinnherad. Bruka den unytta attraksjonskrafta og den merkevara som Folgefonna nasjonalpark er til lokal verdiskaping. Styrka samarbeidet med Besøkssenter Folgefonna nasjonalpark, dei andre Folgefonnkommunane og Miljødirektoratet.
Tiltak	Samarbeida med nasjonalparkstyret om utvikling av parkeringsplassar, toalett og skilting inn mot verneområda. Arrangere fagsamlingar i samarbeid med Besøkssenter Folgefonna nasjonalpark, med tanke på å utvikle tilbod innan naturbasert reiseliv. Informasjon til grunneigarar om trendar og utvikling innan naturbasert reiseliv.

8. Viltforvaltning	
Utviklingstrekk	Hjortebestanden har auka i dei siste åra og med dette hjorteskade i skogen, avlingsskade og påkøyrslar av hjortevilt på vegane i Kvinnherad.
Mål	Redusera hjortebestanden og auka gjennomsnitt vektene på felte dyr
Strategi	Justere minstearealet for å få færre og sterkare dyr og vere med i prosjektplan "Frikalv"

Tiltak	Redusera hjortebestanden med endring av minsteareal og prosjektplan "Frikalv". Høgare avskyting av grågåås i jaktperioden for å redusera bestanden. Informasjon til innbyggjarane om problematikk rundt føring av grågåås/ kanadagås. Arbeide for eit forbod mot føring av grågåås og kanadagås.
Økonomi	Fleire fellingsløyve fører til aukande fellingsavgifter som blir betalt inn til viltfondet.

10. Matvaretryggleik i framtida	
Utviklingstrekk	I dag blir det produsert mest mjølk og kjøt. Det er få verksemdar som driv med vidareforedling i kommunen, lite grønnsakproduksjon og noko fruktproduksjon. Marknaden er aukande for lokal mat
Mål	Utvida matvaresortimentet som blir produsert lokalt og produsera rein mat. Grønnsakproduksjon i Kvinnherad bør vurderast i større grad
Strategi	Leggja til rette for og stimulera til oppretthalda eksisterande matproduksjon og stimulera til nye produkt. Nye trendar i matforbruket; bort frå kjøt- og meieriprodukt må leggast vekt på (bl.a. vegan-mat). Landbruket har som mål å produsera det som forbrukaren til ei kvar tid vil ha.
Tiltak	Fagkurs i ulike aktuelle produksjonar.

10. Miljøutfordringar	
Utviklingstrekk	Betre tilhøve, meir fokus og strengare krav for å unngå ureining
Mål	Hindra ureining frå landbruket
Strategi	Driva klimasmart landbruk og satsing på auka økologisk produksjon. Tiltak som gjer det mulig å driva jordbruk slik at miljømåla blir nådd. Døme kan vera ny teknologi (nedmolding bl.a.) som gjer at det blir mindre risiko for avrenning av næringsstoff.
Tiltak	Aktiv oppfølging av lover og reglar Arbeida for tiltak som avgrensar ureining frå landbruket

11.5. Oppfølging av driveplikt	
Utviklingstrekk	Små og bratte teigar som ikkje kan drivast med maskinar har gått ut av drift. Anna areal er i stor grad halde i hevd.
Mål	At dyrka jorda blir halden i hevd slik lova seier for å trygge matvaretryggleiken og halda kulturlandskapet i hevd.
Strategi	Bruka tilgjengelege kjelder til å avdekka brot på driveplikta og følgja opp slike tilhøve etter gjeldande retningslinjer.
Tiltak	Rettleia eigarar av jord som ikkje er i drift med forslag til tiltak.

11.7. Matproduksjon - prioriterte innsatsområde	
Utviklingstrekk	På landsbasis er sjølvforsyningsgraden på veg ned. Dette gjeld ikkje i same grad for Kvinnherad.
Mål	Auka matproduksjon og mattryggleik. Større mangfald av produksjonar.
Strategi	Fanga opp trendar og tilpassa produksjonen til dei lokale klimatilhøva.
Tiltak	Informasjon/kurs for å auka kunnskap

11.9. Klimasmart Landbruk	
Utviklingstrekk	Aukande fokus på klima og ureining.
Mål	Driva klimasmart landbruk og unngå skadar på jorda.
Strategi	Auka skogareal, redusera avrenning og bruk av plantevernmidlar
Tiltak	Planta meir skog Overgang frå rundballar til silo God agronomi og godt dyrestell


13. Folkehelse – førebyggjande forhold	
Utviklingstrekk	Landbruket bidreg til å skape kulturlandskap for auka bulyst og livskvalitet, både gjennom rydding, beiting, oppdyrking og hausting Landbruket aukar tilgangen til nærturterreng og rekreasjonsareal, skogsvegar og turstiar Auka status knytt til produksjon og konsum av lokalprodusert mat
Mål	Auka merkemda om landbruket som tilretteleggjar for friluftsliv og rekreasjonsområde. Styrka lokale produsentar si evne til sal og distribusjon av varer og tenester
Strategi	Informasjonsarbeid knytt til ferdsel og bruk av utmark Synleggjera at traktorvegar, skogsvegar, turvegar og turstiar er viktig infrastruktur for friluftslivet og den eigenorganiserte fysiske aktiviteten til innbyggjarane
Tiltak	Arrangera møte med alle nyetablerarar Følgja opp bønder med møter, besøk og samlingar Leggja til rette for inkludering og medverknad Informera om rettar og pliktar knytt til bruk av utmark som rekreasjons – og nærturterreng Rettleia grunneigarar for å leggja til rette for gode innfallsportar og kanalisering av ferdsel

13. Folkehelse - utfordringsbilete	
Utviklingstrekk	1. Einsemd blant bønder 2. Betre kontroll med forureining til ytre miljø. 3. Utdanning og skulegang har auka 4. Psykiske lidingar blant nokre brukarar. Her trengs eit betre kunnskapsgrunnlag! 5. Tilstanden i vassførekomstane har blitt betre.
Mål	Belysa utfordringar rundt yrket som vedkjem helse – og spesielt psykisk helse Utjamna sosiale skilnadar i helse God tilstand i alle vassførekomstar
Strategi	Fremja yrkesgruppa sin status og betydning i lokalsamfunnet Stimulera til utdanning innan faget og fullføring av utdanningsløp Støtta opp og tilretteleggja for auka merksemd og omtale om bonden som ein globalt ansvarleg matprodusent Skapa sosiale arenaer for yrkesgruppa Leggja til rette for medverknad Tiltaksprogram i vassforskrift om naudsynt
Tiltak	Arrangera fagkurs for bønder Fortsetja å halda møte med nyetablerte eigarar av landbrukseigedomar Følgja opp bønder med møte, besøk og samlingar Inngå samarbeid med utdanningsinstitusjonar?

15. Framtidslandbruket 2050	
Mål	Kvinnherad - ein grøn kommune med eit friskt næringsliv
Strategi	Leggja til rette for auka kunnskap som er tilpassa endringar i samfunnet. Utnytte føremonene med tilgang på reint vatn, få skadegjerarar, ny teknologi og god kompetanse blant bøndene Utnytte føremoner med tilgang på reint vatn, få skadegjerarar og ny teknologi.
Tiltak	Risiko- og sårbarheitsanalysar Drenering Tilpassa driftsopplegg

17. Statistikk

17.2 Figur 1 Produksjonsgrunnlag Kvinnherad 1998-2018



17.2 Figur 2 Produksjonstal Kvinnherad 2017 – 2018

Tal frå søknadar om produksjonstilskot, Agros.


Figur 2 - PRODUKSJONSTAL 2017 - 2018					
	FORETAK	FORETAK		TAL DYR	TAL DYR
	2017	2018		2017	2018
Hester, under 3 år	6	6	Hester, under 3 år	8	6
Hester, 3 år og eldre	30	30	Hester, 3 år og eldre	72	63
Øvrig storfe	113	106	Øvrig storfe	3 304	3219
Melkekyr	67	64	Melkekyr	1 448	1499
Ammekyr	42	40	Ammekyr	405	359
Melkegeiter	6	6	Melkegeiter	440	443
Ammegeiter	12	13	Ammegeiter	127	108
Bukker og ungdyr, kje	19	18	Bukker og ungdyr, kje	395	324
Søyer, født i fjor eller tidligere	164	166	Søyer, født i fjor eller tidligere	7 670	7982
Værer, født i fjor eller tidligere	121	148	Værer, født i fjor eller tidligere	287	468
Smågriser, levendevekt under 20 kg	2		Smågriser, levendevekt under 20 kg	87	
Avlspurker som har fått minst ett kull	1		Avlspurker som har fått minst ett kull	2	
Slaktegriser, levendevekt minst 20 kg.	2	1	Slaktegriser, levendevekt minst 20 kg.	25	3
Verpehøner, 20 uker og eldre	17	16	Verpehøner, 20 uker og eldre	7 721	7822
Ender, kalkuner og gjess for slakt	1		Ender, kalkuner og gjess for slakt	1	
Kaniner som brukes i kjøtt- eller ullprod.	2	1	Livkyllinger, påsatt til verpehøns	12	4
Slaktekylling	1		Slaktekylling	8	
Lama	3	3	Lama	15	13
Økologiske melkekyr	2	2	Økologiske melkekyr	15	17
Økologiske ammekyr	1	1	Økologiske ammekyr	3	7
Økologiske øvrige storfe	3	3	Økologiske øvrige storfe	22	21
Økologiske ammegeiter	1		Økologiske ammegeiter	2	
Økologiske sauer født i fjor eller før	5	5	Økologiske sauer født i fjor eller før	112	109
Økologiske verpehøner	1	1	Økologiske verpehøner	24	45

17.3 Nasjonale tal for 2018:

Kjilde: www.ssb.no/jord-skog-jakt-og-fiskeri/faktaside/jordbruk#blokk-5

Alle tal i tonn

Produksjon av jordbruksprodukter, nyeste tall




¹ Foreløpige tall for 2018

- kilde: Hagebruksavlinger, Statistisk sentralbyrå
- kilde: Potet- og grovfôravløsing, Statistisk sentralbyrå
- kilde: Kjøttproduksjon, Statistisk sentralbyrå
- kilde: Korn og oljevekster, Statistisk sentralbyrå


Nasjonale tal for 2018:

Slakt til mat



Kilde: Kjøttproduksjon, Statistisk sentralbyrå


Felte dyr og aktive jegere, nyeste tall



- kilde: Elgjakt, Statistisk sentralbyrå
- kilde: Hjortejakt, Statistisk sentralbyrå
- kilde: Villreinjakt, Statistisk sentralbyrå
- kilde: Småvilt- og rådyrjakt, Statistisk sentralbyrå
- kilde: Aktive jegere, Statistisk sentralbyrå


Nasjonale tal for 2018:

Omdisponering¹ av dyrket jord



Kilde: Kommunal forvaltning av landbruksarealer, Statistisk sentralbyrå

Formål for omdisponering av dyrket jord. Dekar



Kilde: Kommunal forvaltning av landbruksarealer, Statistisk sentralbyrå

18 Vedlegg

18.1 Føringer og verkemiddel

Nasjonale føringer
Stortingsmelding om Landbruks og matpolitikken nr 11 (2016-2017) «Velkommen til bords» Matproduksjonen skal auka i takt med befolkningsauka. Produksjonen skal aukast med 20% innan 2030. Eit sterkt jordvern og politikk som utnyttar jordbruksareala, er ein føresetnad for å nå målet. Målet om å avgrense årleg omdisponering av jordbruksareal til maksimum 6000 daa pr. år vidareførast
Meld. St nr 13 (2012-2013)Ta heile landet i bruk. Regional –og distriktsmeldinga
Stortingsmelding nr 39 (2008-2009) klimautfordringane – landbruket ein del av løysinga (LMD).
Landbruks -og matdepartementet sin miljøstrategi 2008-2015,LMD
Propr. 1 S (2011 -2012) Regjeringa har mål om ei berekraftige og klimarett ressursforvaltning med sterkt jordvern. Bevaring og vedlikehald av kulturlandskapet og sikring av det biologiske mangfaldet.
Strategi for likestilling i landbrukssektoren, LMD 2007
Jordbruksforhandlingane
Regionale føringer
Regionalt BU-program.
Landbruksmelding for Hordaland 2014 –2017 –Strategidokument for styrking av rekrutteringa til landbruket i Hordaland
Temaplan landbruk i Hordaland 2018 -2022
Regional næringsplan for Hordaland 2013 –2017. Næring til fortrinn
Nasjonal handlingsplan for betre kosthold (2017 –2021) og “Mat, mennesker og miljø - handlingsplan for berekraftige matsystemer i norsk utenriks- og utviklingspolitikk 2019 –2023”
Forvaltingsplan for vassregion Sunnhordland
Lokale føringer
Konsesjon Det skal vera eit sterkt vern av areala med den beste produksjonsevna innan landbruk. Konsesjonslova og føringane for bu- og driveplikt skal nyttast aktivt for at drivverdige bruk og areal blir oppretthaldne for å oppnå gode løysingar for dei som eig eller leiger jord. Det skal stimulerast til at eigarar på bruk som er lagt ned, skal selje jorda til andre som er interessert i å drive. Ved handsaming av konsesjonssøknadar, skal det leggjast størst vekt på driveplikta. Jorda bør leigast utmed langsiktige avtalar (inntil 10 år). Driveplikta omfattar også areal som er egna til utmarksbeite. Kvinnherad kommune innførte buplikt på mindre landbrukseigedomar med meir enn 20 dekar fulldyrka jord /overflatedyrka jord i 2019.

Kommuneplanen sin samfunns- og arealdel 2018
Vedteke mars 2018. Oppstart revisjon sommar 2019
Hovudplan for skogsvegar
Vedteken 2015 - 2025
Klima og energiplan
Under revisjon
Strategisk Næringsplan
Under planlegging
SMIL (Spesielle miljøtiltak i jordbruket) og RMP (regionalt miljøprogram) kommunale retningsliner
Føringar blir utarbeidd kvart 5. år.
Kulturminneplan – oppstart 2019

18.2 Verneområder i Kvinnherad

Nasjonalpark:

[Folgefonna nasjonalpark](#),

opprett 29. april 2005

548 032 daa. Oppretta i 2005

Verneføremål: Ta vare på eit stort og tilnærma urørt naturområde, som sikrar heilskapen og variasjonen i naturen frå låglandet til høgareliggjande område med fjell og bre; ta vare på verdfull vassdragsnatur; sikre det biologiske mangfaldet med økosystem, artar og bestandar; sikra viktige geologiske førekomstar og sikra verdfulle kulturminne.



Landskapsvernområde:

- Bondhusdalen landskapsvernområde, oppretta 29. april 2005 – 14 087 daa. Føremålet med Bondhusdalen landskapsvernområde er å: - ta vare på eit eigenarta og vakkert

naturområde med store opplevingskvaliteter knytte til heilskapen og variasjonen i naturen frå dalføret opp mot høgfjellet - sikra viktige geologiske førekomstar og biologisk mangfald - sikra verdfull vassdragsnatur - verna om verdfulle kulturlandskap og kulturminne

- Gjuvslandslia landskapsvernområde, oppretta med plantelivsfredning 13. oktober 2000 – 199 daa
Føremålet med vernet er å sikre eit variert natur- og kulturmiljø med ein av dei største førekomstane av barlind i landet. Det finst og jamleg innslag av kristtorn, edellauvskog og kalkfuruskog. Dei frodige slåtteeengene ved Liaskjeret står i ein vegetasjon
- Hattebergsdalen landskapsvernområde, oppretta 29. april 2005 – 15 510 daa
Føremålet med Hattebergsdalen landskapsvernområde er å : - ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde med store opplevingskvaliteter knytte til heilskapen og variasjonen i naturen frå dalføret opp mot høgfjellet - sikre viktige geologiske førekomstar og biologisk mangfald - sikre verdfull vassdragsnatur - verna om verdfulle kulturlandskap og kulturminne
- Ænesdalen landskapsvernområde, oppretta 29. april 2005 – 3 405 daa
Føremålet med Ænesdalen landskapsvernområde er å : - ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde med store opplevingskvaliteter knytte til heilskapen og variasjonen i naturen frå dalføret opp mot høgfjellet - sikre viktige geologiske førekomstar og biologisk mangfald - sikre verdfull vassdragsnatur - verna om verdfulle kulturlandskap og kulturminne

- Ølveshovda landskapsvernområde, oppretta med plantelivsfredning 13. oktober 2000 – 384 daa.
Verna for å sikre eit variert naturmiljø med naturleg avgrensa og vitale bestandar av både barlind og kristtorn.

Naturreservat:

Holmedalsberget naturreservat, Utåker, oppretta 23. november 1984 – 2 363 daa.
Føremålet med fredinga er å ta vare på ei større li med ein variert og varmekjær edellauvskog representativ for ytre fjordstrøk på Vestlandet.

Rundeholmen i Opsangervatnet

naturreservat, Husnes, oppretta 1. juni 1934 – 1 daa.

Bakgrunnen for vernet av Rundeholmen er kulturhistorie: Jonas Lie sine foreldre budde i Onarheim frå 1845 til 1859, og i denne perioden besøkte Jonas Lie ofte denne holmen. I Landsforeningen For Naturfredning si årsmelding frå 1934 kan ein lese følgjande: "Denne lille ø er uløselig knyttet til dikteren Jonas Lies navn. På holmen som Lie kalte «Trylleøen», finnes ennu rester av en primitiv brygge, stenbenker og stenbord som dikteren selv satte op. Den er ellers bevokset med grov furu og en typisk lyngheivegetasjon og bør ubetinget bevares."

Geitaknottene naturreservat, Hatlestrand, oppretta 19. desember 1997 – 13 726 daa.
Føremålet med fredinga er å sikre flora og fauna i eit større og relativt urørt område som strekkjer seg frå lågland til fjell. I området finst det både typiske, sjeldne og sårbare plante- og dyreartar, til dømes den rikaste førekomsten av storsalamander som er kjent i landet, og den sjeldne planta kongsbregne som veks fleire stader i området.

Eggja naturreservat, Ølve, oppretta 16.

desember 1983 – 167 daa

Føremålet med fredinga er å ta vare på eit rikt og variert myrområde med eit fint døme på flatmyr og med mange interessante og sjeldne planteartar.

Sæbøskøra naturreservat, Borgundøy,

oppretta 13. oktober 2000 – 95 daa

Føremålet med fredinga er å sikre ein vital og variert barlindførekomst og ein stor bestand kristtorn med uvanleg storvaksne tre med tilhøyrande naturmiljø. Lokaliteten har innslag av edellauvskog med mange kravfulle og varmekjære artar. Denne rike kombinasjonen gjer området interessant som forskningsområde og som reservoar for genressursar

Varaldsøy naturreservat, Varaldsøy, oppretta

23. november 1984 – 731 daa.

Føremålet med fredinga er å ta vare på ein edellauvskog med godt utvikla alme- og gråolderutformingar, og med ein artsrik flora som inneheld fleire sjeldne, varmekrevjande artar.

Tveitabotn naturreservat, Utåker, oppretta

13. oktober 2000 – 468 daa.

Føremålet med fredinga er å sikre ein høgtliggjande skogtype med tilhøyrande naturmiljø der store barlindtre veks saman med gamal furu- og lauvskog. Lokaliteten er representativ for den naturlege vegetasjonen i dei fuktige fjordstrøka i Sunnhordland.

Tveitane naturreservat, Hatlestrand, oppretta

23. november 1984 – 123 daa.

Føremålet for fredinga er å ta vare på ein

variert edellauvskog som er representativ for ytre strøk av Hardanger, med ulike skogsutformingar og med ein særleg rik flora.

Prestnesholmen naturreservat, oppretta 3.

april 1987 – 14 daa.

Føremålet med vernet er å sikre best mogelege vilkår for sjøfuglane i området samt å ta vare på ein viktig hekkelokalitet med dei plante- og dyrearter som naturleg er knytte til området.

Hillekalven og Pasholmen naturreservat,

Halsnøy, oppretta 3. april 1987 – 130 daa.

Føremålet med vernet er å sikre best mogelege vilkår for sjøfuglane i området samt å ta vare på ein viktig hekkelokalitet med dei plante- og dyrearter som naturleg er knytte til området.

Fjæraskjer naturreservat, Fjelbergøy,

oppretta 3. april 1987 – 11 daa.

Føremålet med vernet er å sikre best mogelege vilkår for sjøfuglane i området samt å ta vare på ein viktig hekkelokalitet med dei plante- og dyrearter som naturleg er knytte til området.

Raudholmane naturreservat, Høylandsbygd,

oppretta 3. april 1987 – 33 daa.

Føremålet med vernet er å sikre best mogelege vilkår for sjøfuglane i området samt å ta vare på ein viktig hekkelokalitet med dei plante- og dyrearter som naturleg er knytte til området.

Terneskeret naturreservat, Tofte, oppretta 3.

april 1987 – 13 daa.

Føremålet med vernet er å sikre best mogelege vilkår for sjøfuglane i området samt å ta vare på ein viktig hekkelokalitet med dei

plante- og dyrearter som naturleg er knytte til området.

Trollskjeret naturreservat, Sunde/Tofte, oppretta 3. april 1987 – 12 daa.

Føremålet med vernet er å sikre best mogelege vilkår for sjøfuglane i området samt å ta vare på ein viktig hekkelokalitet med dei plante- og dyrearter som naturleg er knytte til området.

Naturminne: (freda tre)

Støen naturminne, Skarvatun/Ølve, oppretta 12. mai 1923 – punktobjekt

Føremålet med vernet er å ta vare på ein uvanleg stor barlind. Foto: R. Nordås (SNO)



Halsnøy Kloster naturminne, Halsnøy kloster, oppretta 16. januar 1925 – punktobjekt

Verneføremålet er å ta vare på ei svært særprega, styva ask som truleg er svært gammal. I følgje Moe (1999), er treet minst 534 år gammalt, noko som betyr at det spirte i klostertida midt på 1400-talet.

Foto: R. Nordås (SNO)



Rød naturminne, Uskedalen, oppretta 26. mai 1933 – punktobjekt.

Føremålet med vernet er å ta vare på ei stor, gammal eik. Foto: T. C. Martinessen (FMHO)



Skarpsbråtet, Tveit ytre naturminne,



Varaldsøy, oppretta 7. februar 1930 – punktobjekt. Føremålet med vernet er å ta vare på to uvanleg store og gamle barlinder. Utdrag frå Årsberetning fra Vestlandske kretsforening for naturfredning i Norge 1929: ... "Disse barlinder på Varaldsøy er de største i Skandinavia og muligens de største viltvoksende eksemplarer av dette treslag i hele Nordeuropa." ... "Da barlinden vokser uhyre langsomt når den først har oppnådd en viss alder, har vi med utgangspunkt i tidligere utførte aldersbestemmelser all grunn til å tro at de ovenfor omtalte eksemplarer er mellom 500 og 1000 år gamle." Foto: O. Overvøll (FMHO)

Tveit ytre naturminne, (Møkjedalen),



Varaldsøy, oppretta 7. februar 1930 – punktobjekt

Føremålet med vernet er å ta vare på ei uvanleg stor barlind. Utdrag frå Årsberetning

Frivillig skogvern:

Det er eit føremål å ta vare på verneverdiane i best mogleg tilstand, og at mangfaldet av artar og livsmiljøa deira skal få utvikle seg mest mogleg naturleg.

Austefjorden og Blånuten naturreservat i Fusa og Kvinnherad. 7 186 daa.

Austefjorden og Blånuten omfattar skogområde i dei svært utilgjengelege områda like sør for Geitaknottane naturreservat og vidare vestover på begge sider av Austefjorden.

Området er ein del av eit større og relativt urørt skoglandskap, som strekk seg frå fjord til fjell. Området har stor variasjon av natur- og vegetasjonstypar, med vestnorsk

fra Vestlandske kretsforening for naturfredning i Norge 1929: ... "Disse barlinder på Varaldsøy er de største i Skandinavia og muligens de største viltvoksende eksemplarer av dette treslag i hele Nordeuropa." ... "Da barlinden vokser uhyre langsomt når den først har oppnådd en viss alder, har vi med utgangspunkt i tidligere utførte aldersbestemmelser all grunn til å tro at de ovenfor omtalte eksemplarer er mellom 500 og 1000 år gamle."

Foto: O. Overvoll (FMHO)

regnskog, eldre furuskog og rikmyr.

Håvikevatnet naturreservat i Fusa og Kvinnherad.

Håvikevatnet ligg på grensa mellom Fusa og Kvinnherad kommune. Areala omfattar austlege delar av Håvikvatnet.

Også dette området vil vera ein del av eit større skoglandskap, og har stor variasjon av natur- og vegetasjonstypar, med m.a. fleire former for vestnorsk regnskog, eldre furuskog, rik edellaavskog, rikmyr og varmekjær kjeldeskog.

Arealet er om lag 2 949 dekar og vart frivillig verna desember 2019.

18.3 Lag og organisasjonar knytt til landbruket

Fatland
Halsnøy bondelag
Ølve og Hatlestrand Bondelag
Kvinnherad hesteskysslag
Kvinnherad næringservice
Kvinnherad og Kvam bonde og småbrukarlag
Kvinnherad sau og geit
Landbrukstenester Folgefonna
Mauranger sau og geit
Norsk Landbruksrådgiving Vest
Norske avløysarlag og maskinringar
Nortura
Omvikdalen bondelag
Søre Kvinnherad skogeigarlag
Tine
Tveit rekneskap
Uskedalen bondelag
Varaldsøy bondelag
Ytre Hardanger skogeigarlag
Åkra bondelag
I tillegg kjem mange grunn- og elveeigarlag

Er det fleire sauer enn folk i Kvinnherad?

Slik er fordelinga:

16.501 SAUER OG LAM
13.105 INNBYGGJARAR

Tal frå eob.no (2. kvartal 2019) og Landbruksdirektoratet (dyretal frå søknadar om produksjonstilskot)
Foto: Jan Rabben

KOR MYKJE
JORDBRUKSAREAL I DRIFT
VI HAR I KVINNHERAD?

40.371 DEKAR

DET ER DET SAME SOM 8.410 FOTBALLBANAR!

VEIT DU KOR MANGE
PRODUSENTAR AV
GEITEMJØLK VI
HADDE I
KVINNHERAD
I 2018?

6

FOTO: HORDALAND SAU OG GEIT

22.535
kubikkmeter
TØMMER

DET ER MENGDA SOM
VART HØGD I
KVINNHERAD I 2018

Veit du kor mange sauer og lam beitelaga i
Kvinnherad i 2018 sleppte ut på beite?

10.671

Ku-utstilling i Omvikdalen ca. 1960

Veit du kor mange mjølkebruk med kyr vi
hadde i Kvinnherad i 2018?

73 mjølkebruk

Foto: Olav Eik

Kjeldeliste

Tabell:

www.ssb.no/jord-skog-jakt-og-fiskeri

<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/statistikk/utvikling>